

Rådgjevingstenesta i Hordaland

- ei spørjeundersøking om utdannings-, yrkes- og studierådgjeving i grunnskule, vidaregåande og høgare utdanning

AUD-rapport nr. 8-16

Utgivar: Hordaland fylkeskommune, Seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse: <http://www.hordaland.no/aud>

Tittel: "Rådgjeving i Hordaland – ei spørjeundersøking om utdannings,-yrkes- og studierådgjeving i grunnskule, vidaregåande og høgare utdanning"

Namn/Nr: AUD-rapport nr. 8-16
<http://www.hordaland.no/aud-rapportar>

Publisert: November 2016

Forfattar: Martin Tvedt, martin.tvedt@hfk.no; tel: 47 25 28 73

Innhold

1	Figurliste	4
2	Om rapporten	6
3	Bakgrunn.....	8
3.1	Utval	8
3.2	Alderssamansetning	8
3.3	Kjønn	9
3.4	Rolle	9
3.5	Erfaring og ansvar	10
3.6	Vidareutdanning.....	11
4	Faget Utdanningsval	13
5	Oppgåver	16
5.1	Informasjonsarbeid	16
5.2	Opplæring, rettleiing og undervisning	17
5.3	Vurdering av eigen tidsbruk	18
5.4	Samtalar	20
5.5	Metodar og arenaer	21
5.6	Opne svar om metodar og arenaer.....	22
5.7	Fagleg oppdatering	23
6	Samarbeid.....	26
6.1	Samarbeid med eksterne aktørar	26
6.2	Samarbeidsformar	27
6.3	Andre arena for samarbeid	29
7	Kvalitet i rådgjevinga	30
7.1	Vidaregåande og grunnskulen	30
7.2	Universitets- og høgskulesektoren.....	33
8	Fokusgrupper	36

8.1	Val av vidaregåande	36
8.2	Samtalar om utdanning- og yrkesval	37
8.3	Informasjon frå skulen/rådgjevingstenesta	37
8.4	Metodar i rådgjevinga	38
8.5	Erfaringar med rådgjeving på ungdomsskulen.....	39
9	Oppsummering.....	41
Vedlegg.....		44
Spørjeskjema.....		44

1 Figurliste

Figur 1: Alderssamansetning blant rettleiarar og rådgjevarar i universitets- og høgskulesektor, grunnskule og vidaregåande.	8
Figur 2: Kjønnsfordeling blant rettleiarar og rådgjevarar i universitets- og høgskulesektor, grunnskule og vidaregåande.	9
Figur 3: Oppfatning om kva roller rådgjevarar og rettleiarar har, fordelt etter UOH-sektor, grunnskule og vidaregåande. Svara er vist som prosent av dei som har svara innafor eit rådgjevingsnivå, t.d. grunnskule. ...	10
Figur 4: Erfaring som rådgjevar/rettleiar fordelt på grunnskule, vidaregåande og UOH-sektor.	10
Figur 5: Ansvarsområdar blant rådgjevarar og rettleiarar i grunnskule, vidaregåande og UOH-sektor. Svara er vist som prosent av dei som har svara innafor eit rådgjevingsnivå, t.d. grunnskule.	11
Figur 6: Oppgjeve relevant vidareutdanning blant rådgjevarar og rettleiarar i grunnskule, vidaregåande og UOH-sektor, fordelt på tal studiepoeng.	12
Figur 7: Rådgjevarane i vidaregåande sin oppfatning om vidareutdanning retta mot faget utdanningsval.	13
Figur 8: Påstandar om organisering og gjennomføring av faget Utdanningsval. Svara er vist som snittverdiar.	14
Figur 9: Vurdering av faget Utdanningsval når det gjeld kvalitet på organisering og undervisning.	15
Figur 10: I kva grad rådgjevarar og rettleiarar i grunnskule, vidaregåande og høgare utdanning brukar tid på informasjon til sine studentar og elevar innafor bestemte områdar. Svara er vist som snittverdiar.	16
Figur 11: I kva grad rådgjevarar/rettleiarar i grunnskule, vidaregåande og UOH-sektoren brukar tid på å gje støtte til studentar og elevar. Svara er vist som snittverdiar.	17
Figur 12: Vektlagde metodar i rådgjeving blant rettleiarar og rådgjevarar i grunnskule, vidaregåande og høgare utdanning. Svara er vist som snittverdiar.	18
Figur 13: Vektlagde punkt i samtalar med elevar eller studentar blant rettleiarar og rådgjevarar i grunnskule, vidaregåande og høgare utdanning. Svara er vist som snittverdiar.	20
Figur 14: Bruk av metodar i utdannings-, yrke- og studierådgjeving. Svara fordelt på rådgjevarar og rettleiarar i grunnskule, vidaregåande og høgare utdanning. Svara er vist som snittverdiar.	21
Figur 15: Metodar eller arenaer som rådgjevarar og rettleiarar i grunnskule, vidaregåande og høgare utdanning ønskjer å bruke meir av i utdannings-, yrkes- og studierådgjeving. Svara er vist som prosent av dei som har svara innafor eit rådgjevingsnivå, t.d. grunnskule.	22
Figur 16: Ulike måtar rådgjevarar og rettleiarar i grunnskule, vidaregåande og høgare utdanning held seg oppdatert på kva som skjer innafor arbeids- og samfunnsliv. Svara er vist som prosent av dei som har svara innafor eit rådgjevingsnivå, t.d. grunnskule.	24
Figur 17: Fagleg oppdatering på ulike tema blant rådgjevarar og rettleiarar i grunnskule, vidaregåande og høgare utdanning. Svara er snittverdiar.	25
Figur 18: Samarbeid med ulike aktørar fordelt på svar frå rådgjevarar og rettleiarar i grunnskule, vidaregåande og høgare utdanning. Svara er snittverdiar.	27
Figur 19: Deltaking på samarbeidsaktivitetar som informasjonsutveksling, erfaringsutveksling og kompetanseheving (kurs), fordelt på rådgjevarar og rettleiarar i grunnskule, vidaregåande og høgare utdanning. Svara er vist som prosent av dei som har svara innafor eit rådgjevingsnivå, t.d. grunnskule.	28
Figur 20: Ansvarlege aktørar for samarbeidsaktivitetar knytt til utdannings-, yrkes- og studierådgjeving.	29

Figur 21: Kjennskap til lover og forskrifter for rådgjevinga i skulen, grunnskule og vidaregåande.	30
Figur 22: Planar for arbeid med utdannings- og yrkesrådgjeving i grunnskulen og vidaregåande.	31
Figur 23: Årshjul for utdannings- og yrkesrådgjevinga i grunnskulen og vidaregåande.....	31
Figur 24: Samla vurdering av tilstrekkeleg utdannings- og yrkesrådgjeving i grunnskule og vidaregåande.	32
Figur 25: Overordna planer for arbeidet knytt til studierettleiing.....	33
Figur 26: I kva grad studentane får tilstrekkeleg studierettleiing	34
Figur 27: I kva grad studentane får tilstrekkeleg karriererettleiing.....	34
Figur 28: I kva grad rettleiinga ved institusjonen er avgjerande for studentane sine val av moglege studie- og/eller karrierevegar.....	34

2 Om rapporten

Denne rapporten omhandlar eit analysearbeid i samband med ny regional plan for kompetanse og arbeidskraft i Hordaland. Fylkeskommunane skal framover ha ein rolle som bred regional samfunnsutviklar og planleggingsaktør¹. Frå 2015 skal fylkeskommunane utarbeide kompetansepolitiske planar der ei sentral målsetting er å få oversikt over tilbod og etterspurnad av arbeidskraft og korleis ein betre kan møte behovet i den regionale arbeidsmarknaden. Dette arbeidet skal gjerast i samarbeid med sentrale utdanning-, arbeidsmarknad- og næringsslivsaktørar.

I planprogrammet for Regional plan for kompetanse og arbeidskraft er det delt inn i tre ulike arbeidsgrupper:

- Dimensjonering
- Omstilling og endring
- Utdanningsval og utdannings- og karriererettleiing

Dimensjonering jobbar med korleis ein skal dimensjonere utdanningssystemet for framtidig endring i tilbod og etterspurnad etter arbeidskraft. *Omstilling og endring* handlar om eit meir omskifteleg arbeidsliv der nye teknologiar introduserast, jobbar forsvinn eller nye skapast og korleis arbeidstakrar og aktørar i arbeidslivet skal takle slike endringar. *Utdanningsval og utdannings- og karriererettleiing* tar føre seg unge sine val av framtidig utdanning eller yrke, noko som vil påverke tilgangen på framtidig kompetanse i regionen. Sentralt i dette arbeidet er tenester som skal støtte unge i val av utdanning og yrke, til dømes rådgjevingstenesta i skulen.

Det er samla inn data gjennom ei spørjeundersøking til rådgjevarar i grunnskule, vidaregåande og på universitet/høgskule. Spørsmåla og utforminga av undersøkinga er inspirert frå evalueringsrapporten «skolens rådgiving» utarbeida av Trond Buland frå NTNU i samarbeid med IRIS og SINTEF².

I tillegg er det gjennomført to fokusgrupper med elevar frå vidaregåande skular i Bergensområdet hausten 2016, delt inn etter programområde; VG3 studiespesialiserande (6 elevar) og VG2 yrkesfag (5 elevar). Det var tenkt å gjennomføre intervju med VG1-nivå, men grunna låg deltaking var det berre mogleg å intervju to elevar frå VG1 yrkesfag. Dette fungerer som eit einskild intervju og representerer ikkje variasjonen i meiningsane som kjem frå denne gruppa.

Omgrepet *rådgjeving* brukast her om oppfølging og rettleiing av elevar og studentar i spørsmål relatert til utdanning, yrker og studiar på alle nivå. Der ein snakkar om andre formar for rådgjeving blir dette presisert. I høgare utdanning snakkar ein ikkje alltid om rådgjeving, men heller omgrepet *rettleiing*. Både i stillingstittel og i det

¹ Meld. St. 22 (2015-2016): *Nye folkevalgte regioner – rolle, struktur, oppgaver*. Tilgjengeleg frå: <<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-22-20152016/id2481778/>> [Lest 08.11.2016]

² Buland T., Mathiesen I.H., Mordal S. (2014): “Æ skjonne itj, æ våkne opp kvar dag å vil bli nå nytt æ”. Evalueringsrapport om skolens rådgiving i Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag og Nord Trøndelag. (NTNU, IRIS, SINTEF) Tilgjengeleg frå: <http://www.ntfk.no/Nyheter/Documents/Rapport%20Skolens%20r%C3%A5dgiving.pdf> [Lest 03.11.2016]

daglege arbeidet er dette eit innarbeidd omgrep. Begge omgrepa vil difor brukast om kvarandre her, men det vil vere naturleg å bruke rettleiing i diskusjonar der konteksten er innafor høgare utdanning.


3 Bakgrunn

3.1 Utval

Utvalet i denne undersøkinga er samansett av studierettleiarar i høgare utdanning og rådgjevarar i grunnskule og vidaregåande. Opplysnings om respondentar og utval er gjort med hjelp frå representantar i arbeidsgruppa for utdanningsval og utdanning- og karriererettleiing. Utvalsmetode er gjort utan å beregne sannsyn, der utvalet av respondentar er vurdert utifrå skjønn. Ein kan difor ikkje sei noko om kor stor feilmargin ein har i svara. Risiko ved denne utvalsmetoden er at ein kan få lite representative utval der respondentane avviker frå populasjonen, eit såkalla skeivt utval³. Spørjeskjema vart sendt ut elektronisk via e-post til 322 respondentar og 170 gjennomførte. Dette gav ein svarprosent på 53. 100 respondentar var frå universitets- og høgskolesektoren (UOH), 66 frå vidaregåande skule (VGS) og 155 frå grunnskulen. Av desse gjennomførte 56 frå UOH-sektoren, 45 frå VGS og 69 frå grunnskulen. I tillegg var det 33 respondentar som ikkje gjennomførte heile undersøkinga, men berre gav nokre svar. Her var fordelinga 13 respondentar frå UOH-sektor, 18 frå grunnskolen og 2 frå VGS.

3.2 Alderssamansetning

Grunnskulen har eit fleirtal av eldre rådgjevarar. Faktisk er den største aldersgruppa 60 år eller meir (31 %). Den nest største gruppa er 50-60 åringane (30 %) etterfølgt av 40-50 åringane (26 %). Det er 13 % mellom 30 og 40 år, medan rådgjevarar under 30 år er fråverande blant dei som svarte.



Figur 1: Alderssamansetning blant rettleiarar og rådgjevarar i universitets- og høgskolesektor, grunnskule og vidaregåande.


³ Ottar Hellevik (2006): *Forskningsmetode i sosiologi og statsvitenskap*, 7. utgave. Universitetsforlaget, Oslo

Vidaregåande har ein likande aldersstruktur, men her er det klart flest 40-50 åringar og 50-60 åringar. Gruppa over 60 år utgjer 20 %. Det er og færre i gruppa 30-40 år (7 %).

Universitets- og høgskulesektoren skil seg frå dei to andre. Her er det i stor grad yngre rådgjevarar der 38 % er mellom 30 og 40 år, i tillegg er 14 % under 30 år. Aldersgruppa 40-50 år utgjer 32 %. Til saman er det 16 % over 50 år, 4 % av desse er over 60 år.

3.3 Kjønn


Rådgjevarar på alle nivå er dominert av kvinner. Mest tydeleg er det i universitets- og høgskulesektoren der 88 % av rådgjevarane er kvinner. Til samanlikning er det høvesvis om lag 60 og 65 % kvinner i vidaregåande og grunnskule. Vidaregåande har dermed den likaste kjønnsfordelinga med om lag 40 % menn.



Figur 2: Kjønnsfordeling blant rettleiarar og rådgjevarar i universitets- og høgskulesektor, grunnskule og vidaregåande.

3.4 Rolle


På spørsmål om kva rolle rådgjevarane har er det eit klart fleirtal i vidaregåande og grunnskule som er rådgjevarar. Det er og fleire som har rolla som lærar. I universitet- og høgskolesektoren er det klart flest som seier dei er studierettleiarar. Det er få som har valt å krysse av på karriererettleiar (høgare utdanning). Dei som har kryssa av tilhøyrar vidaregåande og grunnskulenivå.



Figur 3: Oppfatning om kva roller rådgjevarar og rettleiarar har, fordelt etter UOH-sektor, grunnskule og vidaregåande. Svara er vist som prosent av dei som har svara innafor eit rådgjevingsnivå, t.d. grunnskule.


3.5 Erfaring og ansvar

Fleirtalet av rådgjevarar på alle nivå oppgjer at deira erfaring som rådgjevar er mindre enn 5 år. Størst er denne delen blant UOH-tilsette (43 %). Her er det berre 5 % som har meir enn 15 års erfaring. Vidaregåande har den største gruppa av røynde rådgjevarar med meir enn 15 års erfaring (23 %), men dei fleste her har opptil 10 års erfaring. Grunnskulen har den jammeste fordelinga av erfaring blant rådgjevarane.



Figur 4: Erfaring som rådgjevar/rettleiar fordelt på grunnskule, vidaregåande og UOH-sektor.

Når det gjeld ansvarsområdar oppgjer dei fleste rådgjevarar i grunnskulen at dei i stor grad arbeider med undervisning i faget Utdanningsval, sosialpedagogisk rådgjeving eller utdannings- og yrkesrådgjeving. Nokre få har oppgjeve at karriererettleiing og studierettleiing er innafor deira ansvarsområdar. I vidaregåande er det derimot fleire som har oppgjeve studie/karriererettleiing som deira ansvar. Blant UOH-rådgjevarar er det på same vis få som har valt å krysse av utdannings/ yrkesrådgjeving og karriererettleiing. Dei som har valt dette har det i tillegg til ansvaret som studierettleiar.




Figur 5: Ansvarsområdar blant rådgjevarar og rettleiarar i grunnskule, vidaregåande og UOH-sektor. Svara er vist som prosent av dei som har svara innafor eit rådgjevingsnivå, t.d. grunnskule.

3.6 Vidareutdanning

Fleire av rådgjevarane har vidareutdanning. Dette gjeld særleg for grunnskule og vgs-rådgjevarane der 24 av respondentane svarar at dei har tatt vidareutdanning relatert til utdannings- og yrkesrådgjeving, dei fleste har mellom 30 og 60 studiepoeng. I tillegg er det fleire som har vidareutdanning relatert til studierettleiing. Faktisk er det fleire rådgjevarar i VGS enn i UOH-sektoren som opplyser at dei har vidareutdanning innan studierettleiing. Dette kan ha samanheng med ulik forståing av omgrepene studierettleiing. Rådgjevarar i vidaregåande oppfattar kanskje studierettleiing som rettleiing av elevar i spørsmål om moglege studieval. For rettleiarar i UOH-sektoren kan studierettleiing vere meir relatert til val ein gjer undervegs i eit studieløp. Slik sett kan dette vere ein kompetanse som forvaltas lokalt i UOH-sektoren heller enn å vere eit tema for ei konkret vidareutdanning.

I grunnskulen er det få som opplyser at dei har vidareutdanning relatert til utdanningsval. Berre fire stykk opplyser at dei har under 30 studiepoeng relatert til dette faget.⁴ Desse svara reflekterer ikkje tiltaka som dei seinare åra er iverksett for å auke kompetansen i faget. Sidan Utdanningsval vart oppretta i 2008 har det ikkje vore gjennomført vidareutdanning ved høgskulane i Hordaland. I 2012 og 2013 finansierte Senter for yrkesrettleiing ved Opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune ei vidareutdanning på 15 studiepoeng ved dåverande Høgskulen i Buskerud (no Høgskulen i Sørøst-Norge). 30 lærarar gjennomførte dette studiet. Dei siste 3 åra har det berre vore eit tilgjengelig vidareutdanningstilbod i faget Utdanningsval ved Høgskulen i Oslo og Akershus. Planen er at Senter for yrkesrettleiing ved Opplæringsavdelinga i HFK vil tilby dei same lærarane ei påbygging på 30 studiepoeng våren 2017.




Figur 6: Oppgjeve relevant vidareutdanning blant rådgjevarar og rettleiarar i grunnskule, vidaregåande og UOH-sektor, fordelt på tal studiepoeng.

⁴ Merk at det var valfritt å fylle ut vidareutdanning og det kan vere personar som ikkje har svart.

4 Faget Utdanningsval

Som eit ledd i spørjeundersøkinga har vi spurt om faget Utdanningsval i grunnskulen. I faget lærar elevane om viktigheten av utdanning, arbeidsdeltaking og livslang læring. Ved at elevane betre kjenner eigne ønskjer og føresetnader skal faget bidra til at fleire tar kunnskapsbaserte karriereval⁵. Det er også eit mål at faget skal styrke samarbeidet mellom grunnskule og vidaregåande.




Figur 7: Rådgjevarane i vidaregåande sin oppfatning om vidareutdanning retta mot faget utdanningsval.

Faget utdanningsval ser ut til å vere godt forankra i timeplanane ved grunnskulane i Hordaland. Nærare 90 % har svart at faget er timeplanfesta. Samstundes er det eit fleirtal (65 %) som oppgjer at lærarane ikkje har etter- eller vidareutdanning retta mot faget. På påstandane om at rådgjevingstenesta er involvert i planlegging, organisering, gjennomføring og etterarbeidet knytt til faget Utdanningsval er dei aller fleste (70-80 %) einige i stor eller meget stor grad. Det er verd å merke seg at det likevel er 15-25 % som i nokså liten eller i meget liten grad kan seie seg einig i desse påstandane.

⁵ Utdanningsdirektoratet (2016): *Læreplan i utdanningsvalg for ungdomstrinnet*. Tilgjengeleg frå: <<http://www.udir.no/kl06/UTV1-02/Hele/Formaal>> (lest 03.11.16)

Organisering og gjennomføring av faget Utdanningsval



Figur 8: Påstandar om organisering og gjennomføring av faget Utdanningsval. Svara er vist som snittverdiar.


Det er ein klarare positivitet kring viktigheita av faget for rådgjevingstenesta og at faget gjev eit betre grunnlag for val av vidare utdanning, studie eller yrke. Her svarar om lag 95 % av respondentane at dei i stor eller meget stor grad er einige. Dette støttast frå elevar intervju i fokusgrupper, som har hatt undervisning i dette faget:

«Eg hadde utdanningsval på ungdomsskulen. Eg skulle ønske at vi hadde det på vidaregående, på VG2 og VG3, sånn ein gong i veka eller to gonger i månaden. At vi får litt informasjon, at vi held av litt tid i løpet av skuledagen, der ein får lov å undersøka litt. Det er ikkje alltid like lett å oppsøke det heime.» (elev på studiespesialiserande retning, VG3)

Rådgjevarane er meir usikre på om faget bidreg til å styrke kontakten med universitet eller høgskule. 75 % svarar at dei i nokså liten eller i meget liten grad er einige i dette. Det ser derimot ut til at fleire er positive rundt kontakten med andre skuleslag og lokalt næringsliv. Høvesvis 30 og 37 % meiner at dette i nokså liten eller i meget liten grad stemmer for andre skuleslag og lokalt næringsliv. Rådgjevarane er usikre på om faget Utdanningsval bidreg til å redusere fråfallet. 44 % veit ikkje, medan 34 % er einige i nokså stor grad. 23 % seier at dette i nokså liten/meget liten grad er riktig.

Alt i alt, korleis vil du vurdere kvaliteten på faget Utdanningsval ved din skule når det gjeld:

■ Meget god ■ Ganske god ■ Ganske dårlig ■ Meget dårlig ■ Veit ikkje



Figur 9: Vurdering av faget Utdanningsval når det gjeld kvalitet på organisering og undervisning.


Svært mange ser ut til å vere nøgde med kvaliteten på faget Utdanningsval både når det gjeld organisering og undervisning. 84 % meiner kvaliteten knytt til organisering og undervisning er meget/ganske god. 14,9 % meiner kvaliteten knytt til organisering er ganske eller meget dårlig, medan 11 % seier det same for undervisning.

5 Oppgåver

I det følgjande presenterast resultat knytt til ulike oppgåver rådgjevarane har i det daglege. Det er viktig å presisere at oppgåvene spriker mellom dei ulike nivåa. Ein forsøker her å sjå oppgåvene i samanheng slik at ein kan teikne eit bilet av korleis rådgjevarane jobbar og kva som kjenneteiknar rådgjevingsarbeidet på ulike nivå.

5.1 Informasjonsarbeid

Ein sentral del av rådgjevarane sitt arbeid gjeld informasjon. Her er det tydelege forskjellar mellom grunnskule/VGS og UOH. Generelt har UOH-rådgjevarane ein lågare snittverdi på dei fleste av informasjonsoppgåvene. Her er respondentane i mange tilfelle usamde om kva dei brukar mest tid på. Likevel ser ein at dei høgaste snittverdiane er knytt til opptaksvilkår/inntakskrav og søknadsfristar. Finansieringsordninga, arbeidsmarknaden og andre studieval (i Norge og i utlandet) har lågare snittverdiar. Ein mogleg forklaring kan vere at rådgjevarane i UOH-sektoren har varierande oppgåver og at fleire har eit internt fokus kva gjeld informasjonsarbeid til studentar. Dette kjem også fram i dei opne svara rettleiarane har gjeve (sjå vurdering av tidsbruk).




Figur 10: I kva grad rådgjevarar og rettleiarar i grunnskule, vidaregåande og høgare utdanning brukar tid på informasjon til sine studentar og elevar innafor bestemte områdar. Svara er vist som snittverdiar.

I grunnskule og vidaregåande er informasjon om opptakskrav og søknadsfristar viktig. Dei brukar og meir tid til å informere om ulike yrker og utdanningsretningar eller studieval i Norge. På alle desse oppgåvene ligg vidaregåande noko høgare enn grunnskulen. Rådgjevarane ser ut til å bruke noko mindre tid på å informere om arbeidsmarknaden lokalt og nasjonalt sjølv om 60-70 % i grunnskulen/VGS svarar dei i nokså/meget stor grad brukar tid på dette. Dette gjeld for alle nivå sjølv om grunnskule/VGS scorar høgare enn UOH. Det rådgjeva-

rane er mest usikre på er den internasjonale arbeidsmarknaden. Her svarar høvesvis 90 og 85 % av respondentane i grunnskulen og vidaregåande at dette brukar dei i nokså/meget liten grad tid på. For dei fleste UOH-rådgjevarane er informasjon om arbeidsmarknaden lite prioritert.

5.2 Opplæring, rettleiing og undervisning


Desse spørsmåla ser meir detaljert på kva framgangsmåtar rådgjevarane brukar i sitt arbeid under rettleiing eller opplæring. Rådgjevarar i grunnskulen og på vidaregåande scorar høgt på alle variablane her. Eit klart fleirtal av respondentane i grunnskule/VGS brukar tid på å finne ut kva som er realistisk for eleven med tanke på eigne studie, utdannings og yrkesval samd personlege ønskjer. Å gjøre eleven kjend med eigne ferdigheiter, eigenskapar og interesser ser og ut til å vere viktig. Å orientere seg i relevant informasjon er noko som er viktig på alle nivå. Rådgjevarar i grunnskulen og vidaregåande ser i større grad ut til å bruke rettleiingsverktøy under opplæring eller rettleiing. Dette er mindre vanleg blant UOH-rådgjevarane. Søknadsprosedyrar er og noko som er vanleg å rettleie om i grunnskule og vidaregåande.



Figur 11: I kva grad rådgjevarar/rettleiarar i grunnskule, vidaregåande og UOH-sektoren brukar tid på å gje støtte til studentar og elevar. Svara er vist som snittverdiar.

Variabelen som har den lågaste snittverdien på tvers av nivå er jobbsøking. 53 % i grunnskulen seier at dette brukar dei i nokså/meget liten grad tid på. I vidaregåande svarar 65 % det same. I UOH-sektoren ser dette ut til å vere fråverande. Her seier berre 6,5 % at dette i brukar dei i nokså stor grad tid på. Igjen kan dette ha samband med ulike prioriteringar i arbeidsoppgåva og eller stor variasjon i kva dei ulike rådgjevarane har ansvar for. Universitetet i Bergen har og eit karrieresenter-tilbod til studentane og deira arbeid må sjåast i samanheng her.

I kva grad vektlegg du følgjande ved rådgjeving/rettleiing/undervisning
av studentar og elevar?



Figur 12: Vektlagde metodar i rådgjeving blant rettleiarar og rådgjevarar i grunnskule, vidaregåande og høgare utdanning. Svara er vist som snittverdiar.

Å bruke eksempel frå arbeidslivet er meir vanleg i grunnskulen og vidaregåande. Det er færre blant UOH-rådgjevarane som svarar det same. Respondentane, uavhengig av nivå, svarer middels på bruken av rollemodellar. Det same gjeld bruken av tilsette i bedrifter. Her ligg grunnskule-rådgjevarane noko høgare enn vidaregåande og UOH. Nesten 50 % av respondentane i grunnskulen seier at dette vektleggast i nokså/meget stor grad. For vidaregåande svarar berre om lag 20 % det same. Bruk av yrkesfaglærarar til informasjon er ein metode som i større grad er vektlagd i vidaregåande (snittverdi 2,7) enn i grunnskule (2,3) og UOH-sektor (1,6). Å lage oppgåver som er relevant for utdannings-, studie- og yrkesval til elevane/studentane er mykje brukt i grunnskulen der over 70 % seier at dette i nokså/meget stor grad vektleggast i rettleiinga. Når det gjeld praktiske erfaringar knytt til fag eller yrker og utprøving i vidaregåande er det grunnskulen som vektlegg dette mest. I vidaregåande er dette mindre vanleg. Utprøving i vidaregåande er noko som også VGS-rådgjevarane svarar at vektleggast i stor grad, men ein stor del (38 %) er usikre og svarar at dei ikkje veit eller at dette ikkje er relevant.

5.3 Vurdering av eigen tidsbruk

Det varierer korleis rådgjevarane nyttar tida si, kva dei brukar mest tid på og kva ansvarsoppgåver dei har. På ungdomsskulen svarar rådgjevarane at det som tek opp størsteparten av tida deira er mellom anna: søknadsprosessen mot vidaregåande; samtalar individuelt og med foresatte; å bli kjend med seg sjølv, inkludert interesser, sterke sider og auka medvit; kva ønskjer elevane har; organisering av grupperettleiing; utdanningsmesser; og informasjon om kva rettar og plikter elevane har. Ein rådgjevar oppsummerar det som fleire har svart:

«Jeg bruker mye tid på å samtale med hver enkelt elev i 10.klasse. Alle elevene har en eller flere samtaler med meg, hvor jeg prøver å hjelpe dem til å ta det rette valget på videregående og bli kjent med egne evner og interesser. Det er også viktig å svare på ting de lurer på, minne dem på søknadsfrister og hjelpe til med selve søknaden ved behov.» (rådgjevar, ungdomsskulen)

Medvit knytt til eigne interesser, verdiar og ønskjer er noko rådgjevarane svarer dei bruker tid på. Ein av rådgjevarane trekk fram at dette er spesielt knytt til samtalene individuelt og ein bør prøve å få til ein betre kontinuitet i opplæringa av elevane på dette feltet. Her kan Utdanningsval spele ein viktig rolle:

«I selve rådgivningen knyttet til valg av videregående bruker jeg mye tid med 10. trinn på dette, både klassevis, i grupper og individuelt etter behov. I forhold til å gi elevene støtte mht egne interesser etc. bruker jeg mindre tid på dette generelt, men i forhold til enkelt elever kan jeg bruke mye tid på det. Jeg ser at Utdanningsvalg bør rettes i langt større grad mot denne dimensjonen. Det å få til dette henger sammen det jeg har svart tidligere at vi konkurrerer om oppmerksomheten fra andre fag, slik at det er vanskelig å få en opplæring og kontinuitet i oppfølgingen av lærere som har undervisning i faget. Jeg tenker at det er glimrende hvis kontaktlærerne hadde faget i sin klasse og kunne jobbet med dette. Det ville være en vinn vinn situasjon på ulike plan. Elevene blir mer bevisst seg selv mht verdier, interesser, og kontaktlærer kommer tettere på sine elever og blir bedre kjent med dem.» (rådgjevar, ungdomsskulen)

Rådgjevarane på videregåande svarar at det dei brukar mest tid på er; sosialpedagogiske utfordringar (for dei rådgjevarane som har kombinert stilling); søknadsprosedyrar, både samordna opptak, utveksling og lånekassen; informasjonsarbeid generelt; rettleiing knytt til val av studie, utdanning og yrke; samtalar og å hjelpe elevene å orientere seg i relevant informasjon. Når det gjeld dei som har rådgjevarstilling i kombinasjon med undervisningsstilling eller sosialpedagogisk rådgjeving kan tidsbruken variere gjennom året:

«Ved slutten av skuleåret er det spørsmål/utfordringar knytt til karriere og arbeidsmarknad som tar mest tid, i starten gjerne oppgåver knytt til sosiale og faglege utfordringar.» (rådgjevar, videregående skule)

Trykket på rådgjevinga blir ofte lagt til avgangsklassene. Einskilde rådgjevarar er bekymra for at rådgjevinga ikkje er likt fordelt mellom dei tre åra:

«Erfaring viser at det ikke blir særlig mye tid til yrkesveiledning før vi kommer til jul. Det er synd, for jeg mener at skal elevene få god yrkesveiledning, bør den foregå som en prosess som er planlagt fra skolens side gjennom hele skoleåret, fra vg1 til elevene går ut av skolen på vg3. Vi er dessverre ikke der på skolen vår, og yrkesveiledningen blir dermed mangelfull.» (rådgjevar, videregående skule)


I UOH-sektoren er det eit ganske stort internt fokus der tekniske og faglege spørsmål knytt til studia eller administrative oppgåver som fyller arbeidskvarden. Til dømes svarar ein rettleiar:

«Eg har oppgåver knytt til opptak av norske og internasjonale studentar til masterprogram, samt opptak av internasjonale utvekslingsstudentar. Tilrettelegging av mastereksamnar, emneeksamenar, timeplan, oppdatering info om program og emnar mm» (studierettleiar, høgare utdanning)

Karrieresenteret på Nygårdshøyden ser ut til å dekke ein del av rettleiinga i høve framtidig yrkes- og karriereval. Fleire av studierettleiarane svarar at dei sender førespurnader knytt til denne typen rettleiing vidare til karrieresenteret eller at karrieresenteret kjem for å informere studentane. Andre svarar at dei rettleiar studentane i spørsmål om yrkes- og karrieremogleigheter innafor deira studium eller profesjon.

5.4 Samtalar

I samtaler med elevane eller studentane er det i hovudsak ønskjer, interesser og verdiar som er viktige. Her svarar fleirtalet for alle nivå at dette i nokså/meget stor grad vektleggast. I spørsmålet om verdiar scorar UOH lågare enn grunnskule og vidaregåande. Her svarar over 40 % at dette vektleggast i nokså/meget liten grad. Eleven/studentens karakterar scorar noko lågare enn ønskjer/verdiar/interesser, sjølv om vel 60 % i grunnskulen og 70 % i vidaregåande seier at dette vektleggast i nokså/meget stor grad.




Figur 13: Vektlagde punkt i samtalar med elevar eller studentar blant rettleiarar og rådgjevarar i grunnskule, vidaregåande og høgare utdanning. Svara er vist som snittverdiar.

Etterspurnad i arbeidsmarknaden er og viktig i samtalesituasjonar. Her svarar eit fleirtal i grunnskule og vidaregåande at dette vektleggast i nokså/meget stor grad. Utdannings/studietilboden ved den einskilde skulen eller institusjonen ser ut til å vere eit naturleg tema, spesielt i UOH sektoren, der 86 % svarar at dette vektleggast i nokså/meget stor grad. Kva foreldra ønskjer for eleven eller studenten ser ut til å vere undersordna i samtalesituasjonar. Berre om lag 20 % i grunnskule og vidaregåande svarar at dette i nokså stor grad vektleggast i samtala.

5.5 Metodar og arenaer

Når det gjeld kva metodar og arenaer som nyttast i rådgjevingsarbeidet er individuelle samtalar den vanlegaste metoden. Over 90 % av respondentane svarar at dette nyttast i nokså/meget stor grad. Høgast er snittverdien hos studierettleiarane i UOH-sektoren (3,7). Det same gjeld informasjon som blir lagd fram i møter eller i ein undervisningssituasjon. Her ligg snittverdiane for grunnskule (3,1) og vidaregåande (3,0) høgt. Bruken av grupperettleiing er mest vanleg i grunnskulen og vidaregående. Samstundes er det om lag 30 % i grunnskulen og 40 % i vidaregåande som seier at dette nyttast i nokså/meget liten grad. I UOH-sektoren er grupperettleiing ein lite brukt metode.




Figur 14: Bruk av metodar i utdannings-, yrke- og studierådgjeving. Svara fordelt på rådgjevarar og rettleiarar i grunnskule, vidaregåande og høgare utdanning. Svara er vist som snittverdiar.

Det ser ut til at tilgjengeleghet i fellesareal er ein arena som er mest vanleg i grunnskulen og vidaregåande, sjølv om bruken varierer. Eit mindretal (30 % i grunnskulen, 40 % i VGS) seier dei nyttar denne arenaen i nokså/meget liten grad. Internett og sosiale media er ein arena eller metode som fleire nyttar i rådgjevingsarbeidet. Eit fleirtal på alle nivå nyttar dette i nokså stor eller i meget stor grad. Nettbaserte kartleggingsverktøy ser derimot ut til å vere noko som i størst grad nyttast i grunnskule og vidaregåande. Når det gjeld grunnskulen er det tydeleg at faget Utdanningsval ses på som ein viktig arena i rådgjevingsarbeidet.

Ein rekke av desse ulike metodane eller arenaene vil fleire tenkje seg å bruke meir av. Individuelle samtalar er noko rådgjevarar i grunnskulen (55 %) og VGS (47 %) vil bruke meir av. I UOH-sektoren vektleggast allereie individuelle samtalar i det daglege rettleiingsarbeidet og det er berre 29 % som ser behovet for å nytte denne metoden meir. Interessa for å nytte meir av grupperettleiing er interessant blant VGS-rådgjevarane (64 %). Til samanlikning ønskjer 47 % av grunnskulerådgjevarane og 29 % av UOH-rådgjevarane å nytte denne metoden

meir i sitt rådgjevingsarbeid. Å bruke arenaen til gjengeleheit i fellesareal er og meir populært blant VGS-rådgjevarane (33 %) og noko mindre blant grunnskulerådgjevarane (16 %) og UOH-rådgjevarane (24 %). Ønskje om å bruke sosiale media og internett meir er sterkest blant studierettleiarane i UOH-sektoren (50 %), medan 39 % i grunnskulen og 29 % i vidaregåande ønskjer det same.



Figur 15: Metodar eller arenaer som rådgjevarar og rettleiarar i grunnskule, vidaregående og høgare utdanning ønskjer å bruke meir av i utdannings-, yrkes- og studierådgjeving. Svara er vist som prosent av dei som har svara innanfor eit rådgjevingsnivå, t.d. grunnskule.

5.6 Opne svar om metodar og arenaer

Respondentane blei spurt om kva dei meiner skal til for bruk meir av metodane og arena dei ønskjer. Oppsummert svarar eit fleirtal av rådgjevarane at dei treng meir tid til rådigheit. Dette gjeld alle nivå. På ungdomsskulen tek fleire til orde for å få til ein betre rådgjeving gjennom faget utdanningsval, anten gjennom timeplanfesting (ikkje alle har det) eller ved å utvide tilbodet til å gjelde alle tre år:

«Jeg tror at mer tid brukt på interesser/verdier, altså bli kjent med seg selv gjennom faget Utdanningsvalg i alle tre årene hadde hjulpet. Noen elever går heller ikke inn i prosessen før de siste månedene. Da tvinger jeg de inn i prosessen med det opplegget jeg har. Det er hvert år elever som har problemer med å gå inn i prosessen, se at faget angår dem, og de står omrent helt blank i ukene før søknadsfristen. Dette handler mye om modning og gjelder alltid kun noen få elever, men det er bekymringsfullt at det er der de er. Jeg jobber intenst med disse elevene, men tenker at vi har begynt for seint.»
(rådgjevar, ungdomsskule)

Fleire ønskjer å bruke grupperettleiingar og interesselsetestar, men dette er avgrensa av kompetanse. Andre seier at resultata frå interesseltestane i seg sjølv ikkje er nok, og at dette ikkje alltid er til hjelp. Eit tiltak som vert trekt

fram er å få til ein god planlegging av faget Utdanningsval, planlegging av andre fag i samråd med faglærer og meir systematisk planlegging av rådgjevingstenesta generelt.

På vidaregåande har fleire av rådgjevarane ansvar for den sosialpedagogiske rådgjevinga. Fleire meiner denne delte ordninga stel ressursar frå utdannings- og karriererettleiinga. Einskilde ønskjer seg større ressursar til å gjere ein god nok jobb:

«Rådgiver er en sentral person/personer som bør brukes i større grad. Hadde jeg hatt mere ressurser eller flere rådgiverkolleger kunne vi satt i gang flere aktuelle kurs for elever i grupper. Mange av oss har lang veiledererfaring, også fra andre arenaer enn skole. Nå blir det mye brannslukking, en særskilt travel jobb som rådgiver uten tilstrekkelig ressurs til å gjøre en god jobb.» (rådgjevar, vidaregåande skule)

Dette støttast av andre som saknar eit fagmiljø av fleire rådgjevarar. «Karrierevalfag» på studiespesialiserande program blir føreslått som ei løysing frå ein rådgjevar. Andre tenkjer meir på at eit nettbasert verktøy som tek for seg heile det 13-årige skuleløpet vil vere til hjelp. Eit anna forslag er eit lågterskeltilbod som er betjent og ope i skuletida, der elevane kan få svar på sine spørsmål.


Blant rettleiarane i høgare utdanning er det fleire som svarar at tid og ressursar er avgjerande. Andre svarar at prioriteringar frå leiinga er vesentleg og at ein må sette av tid på timeplanen. Eit anna forslag er at fakultetet utarbeider ein gjennomtenkt strategi. Rettleiarane jobbar mykje via nettet, og det er eit ønskjer om å få vidareutvikla dei eksisterande verktøya.

5.7 Fagleg oppdatering

På spørsmål om korleis og på kva måtar rådgjevarane held seg oppdatert på i jobben svarar mange at kontakten med andre rådgjevarar er viktig. Dette gjeld for alle nivå. Media er og ein viktig kanal. Her ligg grunnskule- og vgs-rådgjevarane høgare enn UOH-sektoren. Møter og konferansar er og noko som fleire brukar, særleg vidaregåande. Dette kan ha samanheng med ein del felles arenaer for dette nivået. Statistikk og forsking er noko færre svarar at dei brukar. Dette er ganske likt for alle nivå. Når det gjeld kontakt med andre institusjonar, opplæringskontor eller Senter for yrkesrettleiing v/opplæringsavdelinga, så ligg dette høgare for grunnskule og vidaregåande enn for UOH. Til dømes svarar 77 % av vgs-rådgjevarane at kontakt med andre institusjonar eller skolar er ein måte å halde seg oppdatert på. Til samanlikning svarar 56 % av grunnskule-rådgjevarane og 40 % av UOH-rådgjevarane det same. Det er i tillegg svært lite kontakt mellom vgs/grunnskule og karrieresenter. Berre 7 % av dei som har svart frå grunnskulen seier at dei har kontakt, medan 22 % frå vidaregåande seier det same. Frå UOH-sektoren svarar 62 % at dei har kontakt. Her vil nok UOH-rådgjevarane forstå *karrieresenter* som det gjeldande tilbodet driven av studentsamskipnaden i Bergen. Det finnast andre karrieresenter i fylket, til dømes karrieresenteret i Sunnhordland⁶, som er eit tilbod til vaksne over 19 år, men få andre slike

⁶ Hordaland fylkeskommune: «*Her kan du møte oss – karriererettleiing i Sunnhordland*». Tilgjengeleg frå: <http://www.hordaland.no/nn-NO/utdanning/karriererettleiing/karriere-sunnhordland/> [Lest 08.11.2016]


senter er etablert. Det er difor usikkert om rådgjevarar i grunnskule og vidaregåande her tenker på slike regionale karrieresenter.



Figur 16: Ulike måtar rådgjevarar og rettleiarar i grunnskule, vidaregåande og høgare utdanning held seg oppdatert på kva som skjer innafor arbeids- og samfunnsliv. Svara er vist som prosent av dei som har svara innafor eit rådgjevingsnivå, t.d. grunnskule.

Rådgjevarane på alle nivå har generelt svart positivt på i kva grad dei føler seg oppdatert innafor ulike tema (figur 17). Til dømes er det mange som føler seg godt oppdaterte på moglege studieval (3,3 snittverdi alle nivå). Det same gjeld moglege karrierevegar, sjølv om det her er forskjellar; vidaregåande-rådgjevarane er helt klart mest positive (3,2) etterfølgt av grunnskulen (3,1). UOH-rådgjevarane er på si side meir usikre (2,8). Den lokale arbeidsmarknaden er og noko som dei fleste rådgjevarane føler seg oppdatert på. Her er svara frå vidaregåande- og grunnskulerådgjevarane mest positive (3,2 og 3,0) mens UOH-rådgjevarane er meir ueinige (2,7). Det er verdt å merke seg at 33 % av rådgjevarane i UOH-sektoren i nokså liten eller i meget liten grad føler seg oppdaterte på arbeidsmarknaden lokalt. Usikkerheita aukar når det gjeld den nasjonale arbeidsmarknaden, her svarar 36 % at dei i nokså/meget liten grad er oppdaterte. Det same gjeld framtidig etterspurnad etter kompetanse. Her svarar 26 % av grunnskulerådgjevarane og 46 % av UOH-rådgjevarane at dei i nokså/meget liten grad føler seg oppdaterte. Respondentane er generelt usikre kva gjeld eigenetablering eller entreprenørskap. Høvesvis 63 % i grunnskulen, 70 % i vidaregåande og over 80 % i UOH-sektoren føler seg i nokså/meget liten grad oppdaterte på dette. Det er i tillegg litt overraskande at grunnskulen scorar høgare på eigenetablering/ungt entreprenørskap enn vidaregåande sjølv om det er små forskjellar mellom dei to gruppe.

Med relevans for rolla di som rådgjevar/rettleiar, i kva grad vil du si at du er oppdatert innafor følgjande tema?




Figur 17: Fagleg oppdatering på ulike tema blant rådgjevarar og rettleiarar i grunnskule, vidaregående og høgare utdanning. Svara er snittverdiar.

6 Samarbeid

6.1 Samarbeid med eksterne aktørar


Eit tydeleg trekk ved denne undersøkinga er avstanden mellom rådgjevarar i grunnskule og vidaregåande på den eine sida, og studierettleiarar i høgare utdanning på den andre. Når det gjeld samarbeid ser ein at studierådgjevarane/rettleiarane ikkje deler dei same arena for samarbeid og nettverk som grunnskulen og vidaregåande. Eit dørme er kontakt/samarbeid med offentlege eller private arbeidsplassar, her svarar over 50 % i grunnskule/vgs-rådgjevarane at dei i nokså/meget stor grad samarbeider. I dei opne svara kjem det fram at fleire av rådgjevarane i vidaregåande ønskjer å få til samarbeid mot bedrifter og næringslivet. I UOH-sektoren svarar berre 20 % at dei har kontakt eller samarbeid mot arbeidslivet. Det er og tydeleg at det er lite samarbeid mellom UOH-sektoren og institusjonar som opplæringskontor og senter for yrkesrettleiing v/opplæringsavdelinga i HFK. I tillegg er det lite direkte samarbeid mellom grunnskule/vgs og UOH-sektoren. Over 90 % i UOH-sektoren svarar at dei i nokså/liten grad har samarbeid med grunnskule- og vgs-rådgjevarane. På same vis ser ein at grunnskule har lite samarbeid mot UOH-sektoren. Eit interessant trekk er at over 40 % av vgs-rådgjevarane svarar at dei har eit samarbeid mot UOH i nokså/meget stor grad (snittverdi 2,4 i figur 18). Ein finn ikkje dette samarbeidet andre vegen, frå UOH-sektor til vidaregåande (snittverdi 1,4). Samarbeid med karrieresenter er varierande. Blant UOH-rådgjevarane er det berre 40 % som svarar dei samarbeider i nokså/meget stor grad med karrieresenteret. Dette er påfallande ettersom karrieresenteret er eit tilbod på tvers av UOH-sektoren, driven av studentsamskipnaden. Det er og lite samarbeid mellom grunnskulen/vgs og karrieresenteret, men dette kan forklarast med at karrieresenteret på SIB er til for studentane og at det er få andre karrieresenter for vaksne over 19 år (jamfør 5.5 i denne rapporten) som er etablert i fylket.



Figur 18: Samarbeid med ulike aktørar fordelt på svar fra rådgjevarar og rettleiarar i grunnskule, vidaregående og høgare utdanning. Svara er snittverdiar.


6.2 Samarbeidsformar

Samarbeidsaktivitetar som informasjonsutveksling, erfaringsutveksling og kompetanseheving er viktige for alle rådgjevarane på tvers av nivå. Nesten 90 % av UOH og VGS-rådgjevarane har delteke på informasjonsutveksling mot 79 % i grunnskulen. Erfaringsutveksling er mest populært i UOH-sektoren (90 %). Her svarar høvesvis 74 og 75 % av grunnskule- og vgs-rådgjevarane det same. Kompetanseheving og kurs er ein aktivitet som flest i vidaregåande (93 %) og grunnskulen (83 %) deltek på. I UOH-sektoren er det 65 % som svarar det same.



Figur 19: Deltaking på samarbeidsaktivitetar som informasjonsutveksling, erfaringsutveksling og kompetanseheving (kurs), fordelt på rådgjevarar og rettleiarar i grunnskule, vidaregåande og høgare utdanning. Svara er vist som prosent av dei som har svara innafor eit rådgjevingsnivå, t.d. grunnskule.

Samarbeidsaktivitetane for vidaregåande og grunnskulen har i stor grad kome frå institusjonar som opplæringskontor, Senter for yrkesrettleiing v/opplæringsavdelinga i HFK, opplæringsavdelinga i HFK og via andre skular. Når det gjeld SYR (senter for yrkesrettleiing) svarar 76 % av grunnskulerådgjevarane at dei har vore ansvarleg, medan 57 % av vgs-rådgjevarane svarar det same. Dei fleste vgs-rådgjevarane svarar at det er opplæringsavdelinga i HFK som har vore ansvarleg. Her er svardelen lågare for grunnskulen (60 %). I UOH-sektoren er det flest aktivitetar i intern regi eller av departement/direktorat eller andre. Det er interessant at 71 % av vgs-rådgjevarane svarar at dei har delteke på aktivitetar i regi av universitet/høgskule, men få eller ingen av UOH-rådgjevarane svarar at dei har delteke på noe i regi av institusjonane rundt vgs/grunnskule-sektoren, til dømes Senter for yrkesrettleiing v/opplæringsavdelinga i HFK, opplæringsavdelinga i HFK eller opplæringskontor. Det er generelt lite aktivitetar i regi frå bedrifter, NAV og departement/direktorat.



Figur 20: Ansvarlege aktørar for samarbeidsaktivitetar knytt til utdannings-, yrkes- og studierådgjeving.

6.3 Andre arena for samarbeid

I eit opent spørsmål blei respondentane spurta om kva andre arena for samarbeid dei eventuelt kunne tenke seg. Rådgjevarar på ungdomsskulen ser føre seg eit samarbeid med lokalt næringsliv, bedrifter og NAV. I tillegg er det ønskjeleg med meir samarbeid mellom rådgjevarar ved andre skular. På vidaregåande er det i likskap med ungdomsskulen, eit ønske om å samarbeide meir mot næringslivet, bedrifter og representantar for bransjane. Frå einskilde er samarbeid med leiinga på skulen ein viktig del av å heve kvaliteten på rådgjevinga. Eit lokalt nettverk med ulike aktørar frå arbeids- og samfunnsliv er føreslått. Her blir aktørar som NHO, bedrifter og andre skular føreslegne som partnarar. Sosiale møteplassar som konferansar eller kurs med «mingle»-situasjonar er trekt fram som ein mogleg samarbeidsarena der ein kan møte folk frå bransjar og arbeidslivet, særleg med tanke på nye teknologiar og framtidas arbeidsmarknad. I UOH-sektoren erkjenner ein at samarbeidet mot arbeidsplassar offentleg og privat kan bli betre. Ein rettleiar skriver:


«- Jeg ser tydelig fra svarene mine hvor dårlig vi er på instituttnivå å samarbeide f.eks. med aktører i arbeidslivet. Det betyr ikke at utdanningen vi tilbyr ikke er relevant. Tvert imot, vi kan vise til mange som har gått til gode stillinger og som bidrar aktiv i samfunnsdebatter. Større samarbeid med næringslivet/offentlige arbeidsgivere kunne vært ønskelig slik at de blir bedre informert om ferdighetene våre studenter har, og på den måten gjøre våre studenter mer attraktive i arbeidsmarkedet.» (studierettleiar, høgare utdanning)

7 Kvalitet i rådgjevinga

7.1 Vidaregående og grunnskulen

I opplæringslova og forskrifter til opplæringslova er retten til rådgjeving i skulen skildra⁷. I kapittel 22-3 heiter det at elevane har rett til rådgjeving knytt til utdanning, yrkestilbod eller yrkesval. Mellom anna har elevane rett på oppdatert informasjon om moglege utdanningsvegar i Norge og utlandet, informasjon om arbeidsmarknaden lokalt, nasjonalt og internasjonalt samt rettleiing for at dei skal finne og orientere seg i denne informasjonen. I tillegg skal dei få vite om søkerdsfristar, inntakskrav, jobbsøking og søkerdsprosedyrar. I kapittel 22-4 er det nedfelt at skuleeigar er ansvarleg for rettane til elevane slik det er skildra i lov og forskrift. Dei skal og sikra at rådgjevinga vert utført av personale med relevant kompetanse. Vidare heiter det at skulen skal arbeide systematisk og planlegge for at rådgjevingstilbodet er godt nok.


Dei fleste rådgjevarane svarar at dei har god kjennskap til lover og forskrifter som gjeld for rådgjevinga i skulen. I vidaregående svarar 66 % at dei har nokså god kjennskap, medan 30 % svarar dei har svært god kjennskap. I grunnskulen svarar høvesvis 64 og 22 % det same. Dette er i tråd med funna frå Buland-rapporten⁸. I dette arbeidet har vi ikkje kontaktlærarar i utvalet. I fylka Møre og Romsdal og trønderfylka var kjennskapen til lovverket dårlegare for denne gruppa.



Figur 21: Kjennskap til lover og forskrifter for rådgjevinga i skulen, grunnskule og vidaregåande.


⁷ Opplæringslova, 1998, § 9-2, forskrift til opplæringslova, § 22-1 til 22-4

⁸ Buland T., Mathiesen I.H., Mordal S. (2014): "Æ skjonne itj, æ våkne opp kvar dag å vil bli nå nytt æ". Evalueringssrapport om skolens rådgiving i Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag og Nord Trøndelag. (NTNU, IRIS, SINTEF) Tilgjengeleg frå: <http://www.ntfk.no/Nyheter/Documents/Rapport%20Skolens%20r%C3%A5dgiving.pdf> (Lest 03.11.2016)



Figur 22: Planar for arbeid med utdannings- og yrkesrådgjeving i grunnskulen og vidaregåande.


Skuleeigar har som nemnt tidlegare eit ansvar for at skulen skal arbeide med å planlegge for å gjere rådgjevingstilbodet tilstrekkeleg. Dei fleste i grunnskulen (63 %) og vidaregåande (55 %) opplev at skulen har ein overordna plan for dette arbeidet. Samstundes ser ein at fleire i vidaregåande, 43 %, meiner at det ikkje er ein overordna plan. I grunnskulen svarar 31 % det same. På dette spørsmålet er det riktig nok fleire respondentar i grunnskulen som har svart.



Figur 23: Årshjul for utdannings- og yrkesrådgjevinga i grunnskulen og vidaregåande.

Sjølv om mange ikkje har kjennskap til planar for rådgjevinga ved skulen er det fleire som svarar at det er innarbeida årshjul for utdannings- og yrkesrådgjevinga. Her svarar 80 % i grunnskulen og 68 % i vidaregåande at dette har skulen innarbeida. 16 % i grunnskulen og 25 % i vidaregåande svarer nei på dette. Usikkerheita er størst i vidaregåande der 7 % seier dei ikkje veit. Når det gjeld intergrering av årshjulet i andre dokument eller

andre årshjul så er det litt færre som svarar positivt, 62 % i grunnskulen og 53 % i vidaregåande seier dette er tilfelle, men høvesvis 28 og 30 % svarar negativt på det. Det er også fleire som er usikre i dette spørsmålet.




Figur 24: Samla vurdering av tilstrekkeleg utdannings- og yrkesrådgjeving i grunnskule og vidaregåande.

Det store fleirtalet av rådgjevarane i grunnskule og vidaregåande meiner at elevane får tilstrekkeleg utdannings- og yrkesrådgjeving. Mest positive er grunnskulen der 20 % meiner at rådgjevinga er tilstrekkeleg i meget stor grad, medan 71 % meiner det same i nokså stor grad. I vidaregåande er fleirtalet positive, men 16 % meiner at elevane får tilstrekkeleg rådgjeving i nokså liten grad. I grunnskulen er dette talet berre 6 %.

7.2 Universitets- og høgskulesektoren


I motsetnad til grunnskulen og vidaregåande er det ikkje lovfesta rett til utdannings- og yrkesrådgjeving ved universitet og høgskular slik dette er definert i opplæringsloven. Ein snakkar gjerne om studierettleiing som noko anna enn karriererettleiing⁹. Studierettleiinga har tradisjonelt handla om kva fag ein kan ta, kva emnekombinasjonar som er moglege eller andre spørsmål knytt til søknadsfristar. Fleire universitet og lærestader har dei seinare åra oppretta eigne karrieresenter, til dømes universiteta i Oslo og Bergen. I Oslo er dette et samarbeid mellom universitetet og studentsamskipnaden for Oslo og Akershus, i Bergen er det studentsamskipnaden som driv tilbodet. På denne måten er det eit skilje i kva formar for rettleiing studentane får ved lærestaden og kva dei får gjennom tilbodet til studentsamskipnaden. I denne undersøkinga er tilsette ved karrieresenter ikkje med i utvalet. Difor skal vi her vere forsiktige med å konkludere korleis kvaliteten på studie- og karriererettleiinga er i UOH-sektoren i Hordaland. På bakgrunn av denne delinga og at ein ikkje har eit klårt definert lovverk er det vanskeleg å vurdere kvalitet knytt til rådgjeving/rettleiing på same måte som for grunnskule og vidaregåande.




Figur 25: Overordna planer for arbeidet knytt til studierettleiing

Eit fleirtal av respondentane svarar at dei opplev at lærestaden har overordna planar for studierettleiinga (54 %), sjølv om mange her svarar nei (35 %) og 11 % svarar at dei ikkje veit. Samstundes svarar 96 % at studentane ved sin institusjon får tilstrekkeleg studierettleiing i nokså stor eller meget stor grad. Går vi til karriererettleiing er det tydeleg at respondentane er delte. 49 % svarar at studentane i nokså/meget stor grad får tilstrekkeleg rettleiing,, medan 37 % meiner at dei i nokså/meget liten grad får tilstrekkeleg rettleiing. Mange har tru på at retteleiinga ved institusjonen er avgjerande for vidare val, anten vidare studiar eller karriere. Tilsaman 68 % seier dette er avgjerande i nokså/meget stor grad, medan 26 % svarar det same er avgjerande i nokså/meget liten grad.


⁹ Landsorganisasjon i Norge – LO (2011): *Livslang karriereveiledning i utdannings- og arbeidsliv*. Rapport utarbeidet av arbeidsgruppe i LO september 2011. Tilgjengeleg frå: http://www.lo.no/Documents/Utdanning/livslang_laringsrapport_karriereveiledning.pdf [Lest 08.11.2016]



Figur 26: I kva grad studentane får tilstrekkeleg studierettleiing



Figur 27: I kva grad studentane får tilstrekkeleg karriererettleiing



Figur 28: I kva grad rettleiinga ved institusjonen er avgjerande for studentane sine val av moglege studie- og/eller karrierevegar.

Opne svar om god studie- og karriererettleiing

I eit opent spørsmål fekk respondentane frå høgare utdanning moglegheit til å svare på kva dei så på som naudsynt for å få til tilstrekkeleg god studie- og/eller karriererettleiing. Oppsummert svarar rettleiarane at ein bør satse på kompetanse hos dei tilsette og at ein bør satse på kompetanseutvikling og meir kunnskap. Fleire nemner at dei ikkje har personar som jobbar med karriererettleiing spesifikt, og at tilsetting av personar med slik kompetanse vil kunne heve rettleiinga av studentane. Ein rådgjevar seier mellom anna:

«Vi treng meir kunnskap om kva karrierevegar våre studentar kan ha» (studierettleiar, høgare utdanning)

Andre forslag er mellom anna: å få til ein større satsing på studierettleiing; at studentane kjenner til og bruker karrieresenteret meir; at studierettleiar ikkje har for mange oppgåver knytt til administrasjon og drift; at dei som jobbar med studie- og yrkesrettleiing har eit felles forum; at ein får til ein betre og tettare kopling mot arbeidslivet og at ein har ein større bredde i kontakten med arbeidsgjevarar; at studentane får moglegheta til å gjennomføre praksis i studieløpet.

Det er som tidlegare nemnt observert eit skilje mellom studierettleiing og karriererettleiing, der førstnemnte har eit fokus retta mot rettleiing i studieprogrammet og mogleheitene der, medan karriererettleiinga rettar seg mot kva studentane skal gjere etter studia. Enkelte meiner ein bør ta sikte på å skilje desse to:

«Ein må ha ein klårare avgrensing mellom karriererettleiar og studierettleiar. Studierettleiar har kunnskap og kompetanse knytt til studiet, men ikkje så mykje knytt til karriere» (studierettleiar, høgare utdanning)

Samarbeid blir og trekt fram som viktig. Særleg samarbeid med andre einingar internt i utdanningsinstitusjonen, næringer, forskrarar og andre rådgjevingstenester samt studentorganisasjonane. Her meiner enkelte at det er dei fagleg tilsette ved institusjonen som har den beste oversikten over jobbmarknaden og mogleheitene studia gir. Andre gir eit inntrykk av at ein ikkje berre kan vektlegge kontakten med arbeidslivet og karriere i rettleiinga:

«Hva som legges i ordet "tilstrekkelig" her er sikker omstridt. Tilstrekkeligheten forutsetter en overordnet plan for slike stillinger. Jo bedre man oppnår målene i planen, jo mer tilstrekkelig er utføring av studierettleiing. Dere neppe får en enhetlig svar her. Men det er klart fra undersøkelsen at dere setter kontakt med arbeidslivet og karriereveiledning høyt. Det finnes andre tilnærmingar som kanskje kan ha like god effekt men ikke innebærer deres forutsetninger. For mye fokus på karriere og samfunnets behov for visse stillingstyper kan være skadelig for nyekst og nytekning. Innvandring, ny tenking angående statsformer, globalmiljø, m.m. er utfordringer som kommer til å kreve nytekning og endringer i nåværende vekstmønster. Det er høyere utdanningsinstitusjoner som tradisjonelt har hatt denne oppgaven, særlig universitetene.» (studierettleiar, høgare utdanning)

8 Fokusgrupper

For å ivareta målgruppa for rådgjevinga, elevane, er det gjennomført fokusgruppeintervju. Tilsaman 13 elevar blei intervjuat, fordelt på tre grupper. Elevane vart delt inn etter kva programområde/linje dei høyrt til; 6 elevar frå VG3 studiespesialiserande retning, 5 elevar frå VG2 yrkesfaglig retning og to elevar frå VG1 yrkesfagleg retning. Den opphavelege planen var å intervju VG1 studiespesialiserande og VG1 yrkesfag i eigne grupper. Grunna låg deltaking var det berre mogleg å gjennomføre eit intervju med to deltakarar frå VG1 yrkesfag. Dette fungerer som eit einskild kvalitatittivt intervju og vil ikkje vert tillagt vekt på same måte som frå dei andre gruppane. Likevel er det nyttig å kunne hauste meininger og erfaringar knytt til eleva sitt forhold til rådgjevingstesta.

8.1 Val av vidaregåande

Eit skilje mellom elevane frå studiespesialiserande og yrkesfag er grunngjevinga for kva dei valte etter grunnskulen. På yrkesfag seier mange at dei har tatt valet på bakgrunn av interesse for eit fag og jobbmogleigheter. Dei har tidleg byrja å tenkje på at dei skal i arbeid:

«- Eg valte byggfag fordi eg har alltid gjort slikt sidan eg var liten, med morfaren min. Det har alltid vore noko å gjere på huset eller noko. Så eg valte allereie frå barndommen av kan du sei» (elev, VG2 yrkesfag)

«-Eg valte det for eg liker å lage mat, eg er veldig interessert i å lage mat. Det var mitt fyrsteval å gå på matfag. Eg er jo meir vaksen og har litt erfaring. Mat har vore ein hobby for meg. Når eg er heime likar eg å lage mat.» (Elev, VG1 yrkesfag)

Kva skule ein veljar er meir avhengig av om dei har tilbodet. Blant elevane frå yrkesfag har fleire gjort omval etter at dei byrja:

«- Eg gjekk først på [skule i Bergen sentrum], men eg hadde ingen vennar der. Eg hadde jo [bydelsskule i Bergen] som andreval, så då gjekk eg for det. Dette var TIP-linja (teknikk og industriell produksjon). Der gjekk eg i fire veker, men eg skjønte at å skru var meir ein hobby, eg ville bruke henda meir. Difor bytta eg til bygg og anleggsfag.» (Elev, VG2 yrkesfag)

For elevane som går studiespesialiserande er valet av skule viktigare, ettersom ein allereie har teke valet om kva retning ein vil gå:

«- Eg er jo frå [bydel i Bergen] og det var ein del som valte den nærmeste skulen. Men dette var jo for å prøve noko nytt og å bryte litt ut av det gamle miljøet mitt. Samtidig byrja jo bestevenninna mi på den nye skulen, så det var litt det og». (Elev, VG3 studiespesialiserande)

Eit anna trekk er at dei har utsett valet om kva dei vil bli eller kva dei vil gjere:

«- For min del var det eigentleg å ha mange moglegheiter opne, for eg visste ikkje kva eg ville gjere. Og grunnen til at eg valte den *skolen* var fordi det året eg begynte så var jo det tilbodet heilt nytt. Det var liksom så stort og virka spanande å vere ein del av det.» (Elev, VG3 studiespesialiserande)

«- Eg går på studiespesialiserande på [skule i Bergen sentrum], litt fordi det er så bra grunnlag for det eg vil gjere seinare. Eg er framleis ikkje heilt sikker på kva eg skal bli. Nå får eg jo testa litt fag og finne ut kva eg interesser meg for, i staden for å gå yrkesfagleg og halde meg til ein retning.» (Elev, VG3 studiespesialiserande)

Elevar frå kommunar utanfor Bergen har i tillegg måtte ta eit val om å bli eller dra. Her er reiseavstanden og tilbodet på nærskulane avgjerande:

«- Mitt tilfelle var jo litt annleis, eg er jo frå [kommune utanfor Bergen]. Der har du jo ein maritim vidaregåande skule, som tilbyr studiespesialiserande vg1. Så er det litt sånn for gutane; anten blir du fiskar og går den maritime vegen, eller så går du studiespesialiserande. Det var ikkje fiskar eg ville bli, så da blei det studiespesialiserande og der har du jo mange fleire moglegheiter. Då måtte eg til byen, og eg hadde jo ikkje så mye informasjon om dei vidaregåande skulane her, så då blei det [skule i Bergen sentrum]. For den ligg jo midt i sentrum og det er enkelt å komma seg til. No bur eg i leilegheit då. » (Elev, VG3 studiespesialiserande)

8.2 Samtalar om utdanning- og yrkesval

I Kartleggingsundersøkingar kjem foreldra ut som dei viktigaste rådgjevarane til elevane når dei skal gjere val. Vennar kjem inn som nummer to, etterfølgt av rådgjevar eller lærar. Dette ser ut til å stemme for dei fleste elevane uavhengig av retning. Mange snakkar med foreldre eller andre medlemmar av familien. Kva vennane meiner ser ut til å vere underordna:

«- Ein snakkar jo litt med vennar for på den måten finne ut at ein ikkje er interessert i dei same tinga. Det kan hjelpe. Foreldre er nok hovudrådgjevarar. Dei kan sei om desse yrka er trygge til dømes eller desse er utrygge eller utfordrande. Slik sett gjev dei ei rettesnor. I tillegg hjelper det å få organisert kva du er interessert i om du har mykje tankar i hovudet.» (Elev, VG3 studiespesialiserande)

«- Eg har ikkje brydd meg noko om kva vennane mine har valt. Dei kan gå *sin* veg, så kan eg gå *min* veg. Vi kan heller trefast på fritida. Når eg gjekk på bygg så kjende eg ingen i klassen, men eg var jo ikkje der for å vere saman med venner. Det var fordi eg ville ha ei utdanning. Vennane mine har jo kome med forslag, men til slutt er det eg som har teke avgjersla. (Elev, VG2 yrkesfag)

Foreldre kan fungere som rollemodellar for eleven. Gjennom oppveksten har dei har blitt godt kjend med mor eller far sin bakgrunn:

«- Min mor er jo sjukepleiar og har tatt vidareutdanning og jobba seg opp. Eg har blitt veldig inspirert av det. Og min far han er ingeniør, så det var jo ein liten stund eg skulle bli det berre fordi pappa var det. No har eg lyst til å velje noe innan helse, eg veit ikkje kva. Det er nok grunna mor mi. Eg har vore mykje med der, sett mykje spanande.» (elev, VG3 studiespesialiserande)

8.3 Informasjon frå skulen/rådgjevingstenesta

På studiespesialiserande er mange er positive til rådgjevingstenesta og deira informasjonsarbeid, sjølv om det er ganske tydeleg at tilboden varierer mellom skulane. Nokon opplev at rådgjevingstenesta er aktiv og synleg, medan andre seier det er eit passivt opent tilbod som ein sjølv må oppsøke:

«- Rådgjevingstenesta er jo eit opent tilbod. Vi blir jo presentert for rådgjevaren på byrjinga av skuleåret, kor dei har kontor. Det er ikkje så mykje fokus på å presentere ulike yrker og slikt. Vi har ein utdanningsmesse som er eit opent tilbod vi får.» (Elev, VG3 studiespesialiserande)

«- Det ser eg på som utruleg bra, når vi er 300 elevar, at dei snakkar med alle individuelt. Det er jo eit ambisiøst mål.» (Elev, VG3 studiespesialiserande)

Nokre av elevane har ein rådgjevar som følgjer klassane frå første til tredje året. For dei elevane dette gjeld har dette vore ein positiv erfaring:

«- Vi har hatt same rådgjevaren sidan første klasse og det skapar jo tillit. Det blir mykje enklare å banke på døra.» (Elev, VG3 studiespesialiserande)

Elevane frå yrkesfag har meir negative erfaringar knytt til informasjon frå rådgjevingstenesta. Felles for dei er at rådgjevingstenesta er lite synleg i det daglege:

«- På [skule i tettstad utanfor Bergen] spurde eg i klassen om nokon visste kven rådgjevar var, og det var berre ein av i alt ti elevar som visste kven rådgjevar var. Denne eine eleven hadde snakka med rådgjevar tidlegare og ho hadde funne ut av dette ved å gå inn på heimesida til skulen. Deretter hadde ho tatt kontakt med resepsjonen og spurt kor rådgjevar sitt kontor var. Eg saknar meir informasjon om rådgjevingstenesta. Eg trur mange ikkje veit kva dei vil og det er jo der rådgjevar kjem inn.» (Elev, VG2 yrkesfag)

«-Eg meiner at ein rådgjevar ikkje bør ha undervisning, for då har dei meir tid til elevar som er usikre på yrkesval. Det er ikkje så lett å banke på døra når ho ikkje er der.» (Elev, VG2 yrkesfag)

Den informasjonen dei har fått har vore meir generell presentasjon av moglegheitene vidare innafor dei ulike programområda. Her er det vanleg at elevane prøver ut dei ulike faga før ein landar på ein veg vidare, såkalla yrkesfagleg fordjuping:

«-Vi har jo 22 forskjellige fag vi kan gå ut i. Du får informasjon om alle faga og vurderer i høve interessa di. Dette var på vg1, og då gjekk dei gjennom alle faga og presenterte dei, ein etter ein.» (Elev, VG2 yrkesfag)

8.4 Metodar i rådgjevinga

Elevane meiner den individuelle samtalen er viktig. Dette er ein meir aktiv form for rådgjeving der eleven har moglegheit til å stille spørsmål eller rett og slett berre at samtalen og tema ein vel å snakke om kjennast relevant.

«- Eg synast den individuelle samtalen fungerte ganske bra. Då fikk eg eit ganske godt innblikk og blei nesten meir gira på å gjere det eg hadde lyst til. Nå har eg ikkje heilt bestemt meg enda då, men eg følte rådgjevar inspirerte meg litt med å vise kva skule eg kunne gå på og dei ulike karaktersnitta ved dei ulike skulane.»

«-Det varierer frå person til person kva dei vil, men eg ville føretrekke å ha ein samtale individuelt med rådgjevar. Når han eller ho snakkar til klassen så føler ikkje du at dei snakkar til deg. Dei les berre opp noko frå eit papir. Om du snakkar med rådgjevar på tomannshand kan du legge fram dine problemstillingar. Dei har ikkje klart for seg kva dei skal seie, dei må faktisk rådgjeve deg.» (Elev, VG2 yrkesfag)

Bedriftsbesøk og utdanningsmesser er typiske situasjonar der ein kan treffe rollemodellar. Den informasjonen elevane får frå desse kjeldene representerer noko anna enn informasjonen frå skulen eller rådgjevar og kan opplevast enda meir relevant. Mellom anna seier ein elev dette om kontaktmessa OTC (Ocean Talent Camp):

«-Det som er betre der då [på OTC], er at når folk snakkar med oss som ikkje har erfaring, så er det basert på kva dei trur, korleis du må gjere det osv. Når du snakkar med folk som jobbar, så har jo dei erfaring. Dei veit korleis det er. Så du får direkte informasjon frå kjernen. Dei kan snakke om sine erfaringar, korleis dei gjorde det, kva dei måtte oppnå, kva eventuelle krav dei måtte ha, litt om miljøet. Det er jo litt vanskeleg å få informasjon om utanfrå.» (Elev, VG3 studiespesialiserande)

Denne typen kontakt fekk nokre av elevane allereie på ungdomsskulen, gjennom bedriftsbesøk:

«- Det kom nokre personar frå bestemte yrker som snakka om sitt yrkesfag. Det var jo andre yrkesfag der vi sjølv måtte søke på nettet for å finne meir informasjon om. Dette synast eg var veldig bra. Du fekk ein anna oppleveling av korleis dette yrket var enn om du skulle finne den informasjonen sjølv. Dei snakka om korleis kvardagen var, korleis det var å jobbe.» (elev, VG1 yrkesfag)

Men det er ikkje berre personar utanfrå som kan vere rollemodellar. Læraren kan vere ein person som kjennar deg godt og kan gje konkrete vurderingar av korleis dine prestasjonar på skulen kan koplast opp mot eigenskapar:

«- Ta lærarane til dømes. Dei kan sjå kva du er god til, kva du trivast med. Så du får ein tilbakemelding på at dette bør du sjå nærrare på for dette var du kjempeflink til. Min kontaktlærar sa jo til meg at dette burde du bli for du er jo sånn og sånn og har dei eigenskapar. Det har vore ein faktor for min del. Det at andre rundt deg ser kva eigenskapar du har.» (Elev, VG3 studiespesialiserande)

8.5 Erfaringar med rådgjeving på ungdomsskulen

Når det gjeld rådgjevingstilbodet i ungdomsskulen var erfaringane i stor grad varierte. Mellom anna var det ein elev som følte at grupperettleiing var ein lite egna metode. For denne eleven handlar rådgjeving om tillit. Bruken av grupperettleiing eller rettleiing i det heile følast utleverande:

«- Du får jo ikkje så mykje ut av det når det er fire stykk og alle skal ha forskjellige ting. Eg fekk ingenting ut av det, eg ville helst ikkje vere der. Eg vil finne ut av ting sjølv. Rådgjevaren kjenner ikkje meg. Eg synast det blir dumt å forklare kva eg interesserer meg for, kva eg vil, til ein person som ikkje kjenner meg. (elev, VG2 yrkesfag)

Ein anna elev bekreftar at rådgjevinga kan bli betre, dersom rådgjevaren er meir kjend med elevane:

«- Eg var jo så heldig å ha rådgjevar i norsk og matte i tiande. Vår klasse var veldig heldig der. Eg ser for meg at parallellklassen ikkje fekk same moglegheita. Ho fekk jo bli kjend med oss på ein anna måte, korleis vi var.» (elev, VG2 yrkesfag)

Andre meinte rådgjevar til ein viss grad styrte avgjerda om kva som var best å velje:

«- Eg fekk inntrykk av at det var mange elevar som gjekk ut av ungdomsskulen og følte at rådgjevaren hadde styrt dei i den retninga rådgjevaren ville at dei skulle gå. Det var jo nokon som ville gå studiespesialiserande og då hadde rådgjevaren sagt at nei du har ikkje gode nok karakterar. Du skal gå yrkesfag. Dette vil ikkje du klare for du slit allereie med desse faga frå ungdomsskulen. Denne personen ende opp med å ta påbygg og besto med gode karakterar.» (elev, yrkesfag VG2)

Det kan diskuterast i kva grad desse påstandane stemmer for ungdomsskulen i det heile. Likevel er det andre som bekreftar ein meir paternalistisk haldning på ungdomstrinnet når det gjeld å rådgje elevar. Om ordninga med arbeidsveke svarar ein elev dette:

«- Eg føler jo at det hadde vore meir lønnsem med ei arbeidsveke i vidaregåande. For då klarar du på ein måte å støtte opp deg sjølv. Du klarar å bevise at no er eg snart vaksen, så det er dette valet eg vil ta. På ungdomsskulen er det litt sånn, du er framleis barn, du veit ikkje kva som er best for deg. Læraren og dei som er eldre veit kva som er best for deg.» (elev, studiespesialiserande VG3)

Andre igjen sakna eit rådgjevingstilbod i det heile:

«-Eg trur ikkje min ungdomsskule hadde rådgjevar. Eg kan ikkje hugse at eg snakka med nokon om kva vi skulle. Der var det meir...snakkast, lykke til vidare, ferdig i tiande liksom.»

Likevel er det elevane som har hatt ungdomsskulen friskast i minne som gjev den mest positive tilbakemeldinga på rådgjevinga i ungdomsskulen. Ein elev trekk spesielt fram bruken av rollemodellar i rådgjevingsarbeidet på sin skule, som i stor grad brukte faget Utdanningsval til dette:

«- Det kom nokre personar frå bestemte yrker som snakka om sitt yrkesfag. Dette synast eg var veldig bra. Du fekk ein anna oppleveling av korleis dette yrket var enn om du skulle finne den informasjonen sjølv. Dei snakka om korleis kvardagen var, korleis det var å jobbe.» (elev, VG1 yrkesfag)

9 Oppsummering

Denne undersøkinga tek for seg rådgjeving retta mot elevar og studentar på tre nivå; grunnskule, vidaregåande og høgare utdanning. Rådgjevarar i vidaregåande og grunnskule samt studierettleiarar i høgare utdanning har delteke. Målsettinga har vore å sjå på den samla utdannings- og yrkesrådgjevinga som følgjer kvar enkelt gjennom skulen, studia og vidare ut mot arbeidslivet. Ein ønskjer her å sjå på kva oppgåver som pregar kvardagen til rådgjevarane, kva metodar som nyttast og korleis samarbeidet med andre nivå og institusjonar fungerer.

«Ungt» yrke – eldre rådgjevarar

I vidaregåande og grunnskulen er det ein overvekt av eldre rådgjevarar. Om lag 60 % er over 50 år og i grunnskulen åleine er tal rådgjevarar i utvalet over 60 år, over 30 %. I høgare utdanning er situasjonen motsett, med ein stor del yngre medarbeidarar. Samstundes ser ein at kvinner dominerer rådgjevingstenesta på alle nivå, særleg høgare utdanning der 88 % som har svart på undersøkinga er kvinner. Rådgjevar er eit «ungt» yrke i den forstand at dei fleste har liten erfaring, mindre enn 5 år. Det er i vidaregåande og grunnskulen at vi finn rådgjevarar med lengst erfaring, meir enn 15 år, truleg grunna mange eldre rådgjevarar som naturleg nok har lang erfaring.

Faget Utdanningsval viktig for rådgjevingsarbeidet i grunnskulen

Faget utdanningsval er eit viktig fag for utdannings- og yrkesrådgjevinga i ungdomsskulen. Rådgjevarane er i stor grad med på planlegging og gjennomføring av faget og det er einighet om at faget gjev eit godt grunnlag for vidare val av utdanning og yrke. Mange har og tru på at det styrker samarbeidet mot lokalt næringsliv og andre skular, men få meiner det fører til meir kontakt retta mot høgare utdanning. Ein overvekt svarar at faget timeplanfesta og 65 % svarar at lærarane som undervis i faget har relevant etter- og vidareutdanning. Pussig nok er det eit fåtal av rådgjevarane som svarte på undersøkinga som har oppgjeve relevant etter- og vidareutdanning retta mot utdanningsval. Dette kan ha samanheng med at dei har oppgjeve anna etter- og vidareutdanning som kan ha relevans for utdannings- og yrkesrettleiing generelt, og difor famnar breiare enn direkte etterutdanning mot utdanningsval. Alt i alt er rådgjevarane i grunnskulen nøgd med kvaliteten på organisering og undervisning i faget utdanningsval.

Arbeidsmarknaden nedprioritert i informasjonsarbeidet

I det daglege arbeidet for rådgjevarane er informasjonsarbeid ein viktig del. Søknadsfristar og ulike inntakskrav er oppgåver som vektleggast i stor grad, uavhengig av nivå. Rådgjevarar i vidaregåande og grunnskule vektlegg i større grad informasjon om val av yrke og utdanning. Informasjon om arbeidsmarknaden prioriterast ikkje like høgt, sjølv om eit fleirtal av rådgjevarane i vidaregåande og grunnskule er oppteken av denne informasjon. I Høgare utdanning er det i underkant av 20 % som svarer at dette er noko som ein vektlegg i særleg grad.

Viktig å bli kjend med seg sjølv

Opplæring og rettleiing er kanskje det mest definande for rolla som rådgjevar. På vidaregåande og i grunnskulen er det klart at sjølve identifiseringsprosessen, å bli kjend med seg sjølv, verdiar, eigenskapar og interesser er viktigare. Dette er i mindre grad prioritert blant rettleiarane i høgare utdanning. Det som dei ulike nivå

har til felles er hjelpe elevane/studentane med å orientere seg i relevant informasjon, rett og slett finne fram til kva informasjon som er viktige for dei vala ein må gjere. Eit anna trekk er at opplæring i jobbsøking er lågare prioritert og berre unntaksvise er dette noko studierettleiarane brukar tida si på. Generelt ser ein at verdiar, interesser og ønskjer er noko som vektleggast i samtalar med elevar og studentar på alle nivå, men mest i vidaregåande og grunnskule. Karakterar, etterspurnad i arbeidsmarknaden og foreldra sine ønskjer er alle meir underordna faktorar.

Studierettleiarane bunden av interne oppgåver

Ved vurdering av tidsbruk er det klart at ein skilde rådgjevarar også har ansvar for sosialpedagogisk rådgjeving. Dette er ein utfordring ved at mykje av ressursane til utdannings- og yrkesrådgjeving blir pressa nærare søknadsfristar, typisk over jul i avgangsklassane. I høgare utdanning er det berre unntaksvise at studierettleiarar driv på med karriererettleiing, rettleiing for vidare karriere og jobb. Dei fleste har ikkje dette som ein del av stilningsskildringa og studentar blir sendt vidare til studentsamskipnaden og karrieresenteret for slike spørsmål. Dette er truleg ikkje uvanleg i Norge elles, då mange universitet har etablert karrieresenter som blir drivne av studentsamskipnaden.

Den individuelle samtalen står sterkt

Når det gjeld metodar står den individuelle samtalen sterkt blant rådgjevarane på alle nivå, spesielt i høgare utdanning. Det er og et sterkt ønske frå rådgjevarane om å bruke meir av denne metoden. Grupperettleiing brukast i større grad på vidaregåande og i grunnskulen, men i mindre grad i høgare utdanning. I grunnskulen brukast nettbaserte verktøy i større grad samanlikna med dei andre nivåa. Integrering av rådgjevingsarbeidet i undervisning er det få som svarar at dei brukar i særleg stor grad og det er eit ønske blant rådgjevarane i grunnskulen og vidaregåande å få til meir av dette.

Fagleg oppdatering gjennom institusjonar og nettverk

Rådgjevarane held seg oppdatert ved hjelp av intern kontakt med andre rådgjevarar, gjennom møter og konferansar, kurs eller gjennom media. Det er færre som seier det held seg oppdatert gjennom forsking og anna statistikk. Fagleg oppdatering skjer mellom dei institusjonane som støttar nivået rådgjevarane jobbar på. Til dømes ser ein at rådgjevarane på vidaregåande og grunnskulen held seg oppdatert gjennom opplæringskontor, opplæringsavdeling i HFK, Senter for yrkesettleiing v/opplæringsavdelinga eller andre skular. I høgare utdanning ser ein at det er ein viss kontakt mot karrieresenteret og mot andre institusjonar eller lærestader.

Lite samarbeid nedover

Rådgjevarar i vidaregåande og grunnskulen har ein del samarbeid seg imellom, med institusjonar som opplæringsavdeling/opplæringskontor/SYR, men og ut mot arbeidsplassar. Ein ser og ein del samarbeid oppover i systemet. Til dømes svarar rådgjevarar i vidaregåande/grunnskule at dei har samarbeid med karrieresenteret og studierettleiarar i høgare utdanning, men vi finn ikkje dette samarbeidet nedover, frå høgare utdanning og mot vidaregåande og grunnskule. Dette skuldast nok kanskje at det er ein fordel for rådgjevarane i grunnskule og vidaregåande å vite meir om kva som skjer på neste nivå, ettersom det er den vegen elevane skal. Ein studierettleiar har kanskje ikkje same nytten av å kontakte nedover ettersom han eller ho er oppteken av å rådgje sine studentar og deira spørsmål.

Kvalitet i rådgjevinga i vidaregåande/grunnskule: ikkje alle har utarbeida planar

Å vurdere kvaliteten på rådgjevinga er vanskeleg. På vidaregåande og i grunnskulen har elevane ein lovfesta rett til rådgjeving og det er naturleg å ta utgangspunkt i dette når ein vurderer kvaliteten. Mellom anna er skuleeigar ansvarleg for å planlegge for god rådgjeving. Fleirtalet av rådgjevarane i grunnskule og vidaregåande har god kjennskap til lovverket som gjeld for rådgjevinga i skulen. Dette er i tråd med funna frå evaluatingsrapporten frå Buland. Dei har i tillegg hatt lærarar og leiinga ved skulen i sitt utval, og det er kjend frå desse resultata at kjennskapen til lovverket blant desse gruppene ikkje er like god. Eit fleirtal av rådgjevarane i grunnskule og vidaregåande svarer at det er utarbeida planar for utdannings- og yrkesrådgjevinga, men så mange som 43 % i vidaregåande og 31 % grunnskulen svarer at det ikkje er utarbeida slike planar. Mange har og utarbeida eigne årshjul for utdannings- og yrkesrådgjeving, men det er litt færre som svarer at dette er integrert i øvrige planar og årshjul ved skulen. Likevel svarer dei aller fleste rådgjevarane (over 80%) i grunnskule og vidaregåande at den samla utdannings og yrkesrådgjevinga som elevane får, i nokså stor eller i meget stor grad er god.

Delt ansvar for rettleiing i høgare utdanning

I høgare utdanning er det ikkje same lovfesta rett til rådgjeving som i vidaregåande og grunnskule. På fleire norske lærestader er det gjort eit effektivt skilje mellom to formar for rettleiing, den interne administrative/tekniske, og den eksterne karriere- og arbeidsrelaterte. Det er studierettleiarar som har begge oppgåvene som del av sitt daglege arbeid, men dei fleste i dette utvalet jobbar med «intern» rådgjeving. Eigne rådgjevarar tilsett ved karrieresentra, drivne av studentsamskipnaden, står for den karriere- og arbeidsrelaterte rådgjevinga. Etter lovverket er dette rekna for å vere eit velferdstilbod til studentane¹⁰. Studentsamskipnaden har og moglegheit til å påverke kva som skal vere tilbodet lokalt. 54 % av respondentane svarar at det er utarbeida overordna planer for studierettleiing. I tillegg svarer eit tydeleg fleirtal at studierettleiinga som blir tilbodd studentane er tilstrekkeleg. Det er fyst og fremst på karriererettleiing at mange opplev at tilboden er manglande. Her svarer over 40 % at studentane i liten grad blir tilbodd tilstrekkeleg karriererettleiing.

¹⁰ Forskrift om studentsamskipnader – kapittel 3, § 8

Vedlegg

Spørjeskjema

A Bakgrunnsspørsmål (alle)

1. Kjønn
 - a. Mann/Kvinne
2. Alder
 - a. Under 30 år
 - b. 30-40 år
 - c. 40-50 år
 - d. 50-60 år
 - e. 60 år eller meir
3. Arbeidsstad
 - a. Grunnskule
 - b. Vidaregåande skole
 - c. Universitet/høgskole
4. Rolle (fleire svar mogleg)
 - a. Studierettleiar
 - b. Karriererettleiar
 - c. Rådgjevar
 - d. Lærar
 - e. Anna
5. Relevant vidareutdanning
 - a. Vidareutdanning studierettleiing, tal studiepoeng og årstall
 - b. Vidareutdanning utdannings- og yrkesrådgjeving, tal studiepoeng og årstal
 - c. Vidareutdanning i faget *utdanningsval*, tal studiepoeng og årstal
6. Erfaring som rådgjevar/rettleiar
 - a. Mindre enn 5 år
 - b. 5-10 år
 - c. 10-15 år
 - d. Meir enn 15 år
7. Kva er dine ansvarsområdar? (fleire svar mogleg)
 - a. Studierettleiing (høgare utdanning)
 - b. Karriererettleiing (høgare utdanning)
 - c. Utdannings- og yrkesrådgjeving
 - d. Sosialpedagogisk rådgjeving
 - e. Undervisning i faget utdanningsval

8. Kor stor del av stillinga di er satt av til rådgjevingstenesta? (prosent) (grunnskule/vgs)
9. Kor stor del av stillinga di er satt av til studierettleiing? (UH) (prosent)

B Faget Utdanningsval (grunnskule)

10. Er faget Utdanningsval timeplanfesta ved din skule?

Svaralternativ: Ja, Nei, Veit ikkje

11. Oppfølging: Korleis sånn ca er timane fordelt på dei tre årstrinna?

openet

12. Har lærarar i faget Utdanningsval etter- og eller vidareutdanning retta mot faget?

Svaralternativ: Ja, Nei, Veit ikkje

13. Med tanke på organisering og gjennomføring av faget Utdanningsval, i kva grad gjeld følgjande ved din skule?

- a. Rådgjevingstenesta deltek i planlegginga av faget Utdanningsval
- b. Rådgjevingstenesta deltek i organiseringa av faget Utdanningsval
- c. Rådgjevingstenesta deltek i gjennomføringa av faget Utdanningsval
- d. Rådgjevingstenesta deltek i etterarbeidet i faget Utdanningsval

Svaralternativ: *I meget stor grad, i nokså stor grad, i nokså liten grad, i meget liten grad/ikkje i det heile tatt, veit ikkje (ikkje relevant)*

14. Med tanke på faget Utdanningsval, i kva grad er du samd i påstandane under?

- a. Faget Utdanningsval er viktig i rådgjevingsarbeidet
- b. Faget Utdanningsval gjer elevane betre grunnlag for å velje vidare utdanning
- c. Faget Utdanningsval er arbeidskrevjande for skulen
- d. Faget Utdanningsval bidreg til å styrke kontakten med universitet/høgskule
- e. Faget Utdanningsval bidreg til å styrke kontakten med andre skuleslag
- f. Faget Utdanningsval bidreg til å styrke kontakten med lokalt næringsliv
- g. Faget Utdanningsval bidreg til mindre fråfall

Svaralternativ: *I meget stor grad, i nokså stor grad, i nokså liten grad, i meget liten grad, ikkje i det heile tatt, veit ikkje (ikkje relevant)*

15. Alt i alt, korleis vil du vurdere kvaliteten på faget Utdanningsval ved din skule, når det gjeld:

- Organisering?

- Undervisning?

Meget god - ganske god - ganske dårlig - meget dårlig - veit ikkje

16. Har du andre kommentarar til organisering og undervisning av faget Utdanningsval ved din skule?

Opent spørsmål.

C Oppgåver (alle)

17. I kva grad brukar du tid på å *informere* dine elevar/studentar om:

- a. Utdanningsretningar/studieval i Norge?

- b. Utdanningsretningar/studieval i andre land?
- c. Den lokale arbeidsmarknaden?
- d. Den nasjonale arbeidsmarknaden?
- e. Den internasjonale arbeidsmarknaden?
- f. Ulike yrker?

Svaralternativ: I meget stor grad, i nokså stor grad, i nokså liten grad, i meget liten grad/ikkje i det heile tatt, veit ikkje (ikkje relevant)

18. I kva grad brukar du tid på å informere dine elevar/studentar om:

- a. Søknadsfristar?
- b. Inntaksvilkår/opptakskrav?
- c. Finansieringsordningar/studielån?

Svaralternativ: I meget stor grad, i nokså stor grad, i nokså liten grad, i meget liten grad/ikkje i det heile tatt, veit ikkje (ikkje relevant)

19. I kva grad brukar du tid på å gje elevar/studentar opplæring eller rettleiing i:

- a. Jobbsøking?
- b. Søknadsprosedyrar?
- c. Bruk av rettleiingsverktøy?
- d. Å orientere seg i relevant informasjon?

Svaralternativ: I meget stor grad, i nokså stor grad, i nokså liten grad, i meget liten grad/ikkje i det heile tatt, veit ikkje (ikkje relevant)

20. I kva grad brukar du tid på å gje elevar/studentar støtte i:

- a. Å bli kjend med eigne interesser?
- b. Å bli kjend med eigne verdiar?
- c. Å bli kjend med eigne ferdigheiter/eigenskapar?
- d. Å finne ut kva ønskjer dei har for framtida?
- e. Å vurdere kva som er realistisk i høve eigne studie-, utdannings- og yrkesval?

Svaralternativ: I meget stor grad, i nokså stor grad, i nokså liten grad, i meget liten grad/ikkje i det heile tatt, veit ikkje (ikkje relevant)

21. På bakgrunn av svara du har gjeve så langt i denne delen (oppgåver), kva brukar du mest tid på?

- a. Opent svar

22. I kva grad legg du vekt på følgjande ved rådgjeving/rettleiing/undervisning av studentar og elevar:

- b. Å bruke eksempel frå arbeidslivet?
- c. Å bruke rollemodellar for å informere om yrke/utdanning/studiar (t.d. elevar/lærlingar/studentar som har valt)?
- d. Å bruke tilsette frå bedrifter for å informere om yrke/utdanningar/studiar?
- e. Å bruke yrkesfaglærarar for å informere om utdannings- og yrkesval?
- f. Å bruke tilsette frå opplæringskontor for å informere om yrke/utdanning/studiar?
- g. Å lage oppgåver med relevans for utdannings- og yrkesval/studieval?
- h. Å la elevane få eigne praktiske erfaringar knytt til fag/yrker?
- i. Å la studentane få eigne praktiske erfaringar knytt til yrker?
- j. Utprøving i vidaregåande skule?

Svaralternativ: I meget stor grad, i nokså stor grad, i nokså liten grad, i meget liten grad/ikkje i det heile tatt, veit ikkje (ikkje relevant)

23. I kva grad vektlegg du følgjande punkt i samtaler (inkl. uformelle samtalar) med elevar/studentar om utdannings- og yrkesval/studieval:

- a. Elevane/studentane sine karakterar?
- b. Elevane/studentane sine ønskjer?
- c. Elevane/studentane sine interesser?
- d. Elevane/studentane sine verdiar?
- e. Etterspurnad i arbeidsmarknaden
- f. Utdanningstilbod/studietilbod ved skulen/institusjonen?
- g. Foreldra sine ønskjer for eleven/studenten?

Svaralternativ: I meget stor grad, i nokså stor grad, i nokså liten grad, i meget liten grad/ikkje i det heile tatt, veit ikkje (ikkje relevant)

24. I kva grad brukar du følgjande metodar/arenaer i rettleatingsarbeidet om utdannings- og yrkesval/studieval: (fleire svar mogleg)

- a. Individuelle samtalar?
- b. Grupperettleiing?
- c. Tilgjengeleghet i fellesarealer?
- d. Undervisning i faget Utdanningsval?
- e. Integrering av utdannings- og yrkesval i undervisninga av øvrige fag?
- f. Informasjon i møte eller undervisningssituasjon?
- g. Internett/sosiale mediar?
- h. Nettbaserte kartleggingsverktøy (t.d. interessetestar)?
- i. Anna: tekstboks

Svaralternativ: I meget stor grad, i nokså stor grad, i nokså liten grad, i meget liten grad/ikkje i det heile tatt, veit ikkje (ikkje relevant)

25. Er det nokon metodar/arenaer du kunne tenkje deg å bruke meir av i utdannings- og yrkesrettleiinga/studierettleiinga? (fleire svar mogleg)

- a. Individuelle samtalar
- b. Grupperettleiing
- c. Tilgjengeleghet i fellesarealer
- d. Undervisning i faget Utdanningsval
- e. Integrering av utdannings- og yrkesval i undervisninga av øvrige fag
- f. Informasjon i møte eller undervisningssituasjon
- g. Internett/sosiale media
- h. Nettbaserte kartleggingsverktøy (t.d. interessetestar)

Anna: tekstboks

26. Kva skal til for at du skal kunne bruke meir av metodane/arenaer du ønskjer?

Openet

27. Med relevans for rolla di som rådgjevar/rettleiar, på kva måtar held du deg oppdatert på kva som skjer innafor arbeids- og samfunnsliv?

- a. Gjennom kontaktar i privat og offentleg arbeidsliv
- b. Kontakt med andre rådgjevarar/rettleiarar

- c. Kontakt med andre skolar/institusjonar
- d. Kontakt med opplæringskontor
- e. Kontakt med senter for yrkesrettleiing
- f. Kontakt med karrieresenter
- g. Kontaktar internasjonalt
- h. Møter/konferansar
- i. Kurs eller etter- og vidareutdanning
- j. Media
- k. Statistikk eller anna rapportering
- l. Forsking
- m. Anna

28. Med relevans for rolla di som rådgjevar/rettleiar, i kva grad vil du si at du er oppdatert innafor følgjande tema?

- a. Arbeidsmarknaden lokalt
- b. Arbeidsmarknaden nasjonalt
- c. Framtidig etterspurnad etter kompetanse
- d. Moglege studieval
- e. Moglege karrierevegar
- f. Andre spørsmål
- g. Eigenetablering/entreprenørskap

Svaralternativ: I meget stor grad, i nokså stor grad, i nokså liten grad, i meget liten grad/ikkje i det heile tatt, veit ikkje (ikkje relevant)

C Samarbeidsarenaer (alle)

29. I kva grad har du samarbeid med følgjande aktørar *utanfor* din eigen skule/institusjon i samband med funksjonen utdannings- og yrkes rådgivar/studierettleiar (fleire svar mogleg):

- a. Arbeidsplassar offentleg og privat
- b. Opplæringskontor
- c. Karrieresenter
- d. SYR – Senter for yrkesrettleiing
- e. Rådgjevarar i ungdomsskulen
- f. Rådgjevarar i vidaregåande skule
- g. Studierettleiarar i høgare utdanning
- h. Andre: tekstboks

Svaralternativ: I meget stor grad, i nokså stor grad, i nokså liten grad, i meget liten grad/ikkje i det heile tatt, veit ikkje (ikkje relevant)

30. Kva formar for samarbeidsaktiviteter har du delteke på?

- a. Informasjonsutveksling
- b. Erfaringsutveksling
- c. Kompetanseheving (t.d. kurs)

31. Kven har vore ansvarleg for desse samarbeidsaktivitetane? (fleire svar mogleg)

- a. Andre skular
- b. Opplæringskontor

- c. Senter for yrkesrettleiing
- d. Opplæringsavdelinga HFK
- e. Universitet/høgskule
- f. Bedrifter
- g. Departement/direktorat
- h. NAV
- i. Andre

32. Kva andre arenaer for samarbeid saknar du eventuelt?

- a. Open svar

D Kvalitet i rådgjevingsarbeidet (grunnskule og vgs)

33. Kor god kjennskap har du til gjelande lovar og forskrifter for rådgjeving i skulen?

- a. Svært god kjennskap
- b. Nokså god kjennskap
- c. Nokså liten kjennskap
- d. Liten eller inga kjennskap

34. Opplev du at skulen der du er tilsett har ein overordna plan for sitt arbeid med utdannings- og yrkesrådgjeving?

- a. Ja
- b. Nei
- c. Veit ikkje

35. Har skulen der du er tilsett innarbeida eigne årshjul for utdannings- og yrkesrådgjevinga?

- a. Ja
- b. Nei
- c. Veit ikkje

36. Er dette årshjulet integrert i skulen sine øvrige dokument/årshjul?

- a. Ja
- b. Nei
- c. Veit ikkje

37. I kva grad synast du, samla sett, at elevar ved din skule får tilstrekkeleg utdannings- og yrkesrådgjeving?

- a. *Svaralternativ: I meget stor grad, i nokså stor grad, i nokså liten grad, i meget liten grad/ikkje i det heile tatt, veit ikkje (ikkje relevant)*

38. Kva er etter din meining naudsynt for få til tilstrekkeleg god utdannings- og yrkesrådgjeving ved din skule?


- b. Open svar

39. I kva grad trur du rådgjeving ved skulen er avgjerande for elevane sine val av utdanning og yrke?

- a. *Svaralternativ: I meget stor grad, i nokså stor grad, i nokså liten grad, i meget liten grad/ikkje i det heile tatt, veit ikkje (ikkje relevant)*

E Kvalitet i rettleiingsarbeidet (høgare utdanning)

40. Opplev du at institusjonen der du er tilsett har ein overordna plan for sitt arbeid med studierettleiing?
- a. Ja
 - b. Nei
 - c. Veit ikkje
41. I kva grad synes du, samla sett, at studentar ved din institusjon får tilstrekkeleg studierettleiing?
- a. *Svaralternativ: I meget stor grad, i nokså stor grad, i nokså liten grad, i meget liten grad/ikkje i det heile tatt, veit ikkje (ikkje relevant)*
42. Opplev du at institusjonen der du er tilsett har ein overordna plan for sitt arbeid med karriererettleiing?
- a. Ja
 - b. Nei
 - c. Veit ikkje
43. I kva grad synes du, samla sett, at studentar ved din institusjon får tilstrekkeleg karriererettleiing?
- a. *Svaralternativ: I meget stor grad, i nokså stor grad, i nokså liten grad, i meget liten grad/ikkje i det heile tatt, veit ikkje (ikkje relevant)*
44. Kva er etter din meining naudsnyt for få til tilstrekkeleg god studie- og/eller karriererettleiing ved din institusjon?
- c. Openst svar
45. I kva grad trur du rettleiinga ved din institusjon er avgjerande for studentane sine val av moglege studie- og eller karrierevegar?
- a. *I stor grad, I nokså stor grad, I nokså liten grad, I meget liten grad/ikkje i det heile tatt, Veit ikkje*



Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen
Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no
www.hordaland.no

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregående opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.

